


# *Leidarsteidn*



Årshäfte 2005  
Bømlo Tur- og Sogelag

Pris kr 60,-

## Innhald

Forord ved leiar i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s. 3
Styre og nemnder.....	s. 4
Espevær-bilete .....	s. 5
Frå “Norsemann” til “Roerwater” .....	s. 11
Gamalt bilete .....	s. 25
Dikt av Einar Kallevåg .....	s. 26
Fridtun - 160 år .....	s. 27
Peder og Helmer Eidesvik .....	s. 28
Oversiktsbilete Kåså .....	s. 30
Vespestadhagen .....	s. 31
Før og no .....	s. 35
Turstiar på Søre Bømlo.....	s. 36
Eit 150-års minne .....	s. 38
Mortehulsmyren / Hålo .....	s. 39
Førstereis med M/K “Normann”.....	s. 44

# Forord

No er enno eit år gått, og det er tid for ein ny Leidarsteidn. Dette bladet har vorte svært populært og det er ein god plass for BTS å informera folk om arbeidet som me utfører. Aktiviteten i laget har i år og vore svært bra. Som vanleg har me gjennomført dei tradisjonelle aktivitetane våre med tur til Bergeseidet, kystsogearrangement og turar på stiane våre. På alle arrangementa var det stort framfmøte. I september vart det skipa til Nordsjøløypedag. Turen gjekk frå Skippervik til Dyrneset - Sætre - Roaldsfjorden - Løvegapet. Liv Olson var turleiar og det deltok 44 personer. Fin tur..

Hovudaktiviteten til sogelaget er å ta vare på dei gamle husa våre. Største inntektskjeldene våre i år har vore dei 2 store dansearrangementa med Ole-Ivars og Gluntan. Støtteforeningen til sogelaget gjer og ein svært god jobb for oss. Tusen takk. Me har fått mange gaver i år som tidlegare, og dei vil me nevna i årsmeldinga. Ei gave vil me nevna særskilt. Frå Markus Olson fekk me ein båt som vart seld. Pengane derifrå vert investert i "Olsahuset". Tusen takk. I 2005 har det vore stor aktivitet på restaureringsfronten. Fridtun har fått nytt tak, og på Bergeshuset er det stor aktivitet. Me har laga toalett/ dusj/ vask i den gamle skuten. Me er og begynt å laga eit skikkeleg brukskjøkken i eine kammerset. I samband med Bergeshuset må det og nevast at utan Knut Hegle hadde det ikkje late seg gjera. Han har i mange år gjort ein framifrå jobb der. Han vart i år tildelt heidersprisen til sogelaget. Gratulerer Knut og takk for det du har gjort og kjem til å gjera. Den største investeringa vår i år har vore kjøpet av "Olsahuset". Dette er no det einaste gamle huset att i Kåso og me vil prøva å setja det skikkeleg i stand, både ute og inne. Dette er vel ein av dei få tinga sogelaget har gjort som har skapt litt diskusjon. Me gjorde det fordi me meiner at dette huset er svært sentralt i Kåso si historie og kan verta eit aktivum for bygda. Dette var ei kort oppsummering av aktivitetane i sogelaget i året som no har gått.

Bømlo Tur- og Sogelag vil med dette ynskja alle lesarar av Leidarsteidn ei Riktig God Jul og eit Aktivt Triveleg Nytt År!

Norvald Nytveit  
Leiar i BTS

Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



Haugesund Sparebank

Tlf. 53 42 60 70 / Fax 53 42 60 71

# Styre og nemnder

## Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet i 2005

### Styret

#### Faste medlemmer av styret

Leiar            Norvald Nytveit, 1 år (gj.val)  
Nestleiar      Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)  
Kasserar      Margit Hovland, 2 år (gj.val)  
Sekretær      Gunvor Skippervik, 1 år  
Styremedlem   Berge Olson, 1 år  
Styremedlem   Anne Grete Engen, 1 år

#### Varamedl. til styre:

Knut Helge, 2 år (gj.val)  
Kristen Thorsen, 2 år (gj.val)  
Ruth Berny Lønning, 2 år (gj.val)  
Svanhild Vespestad, 1 år  
Henning Tveit, 1 år  
Lars Gunnar Strand, 1 år (ny)

### Arrangementsnemnd

Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)  
Lars Gunnar Strand, 2 år (ny)  
Signe Lønning, 1 år  
Kolbjørn Lønning, 2 år (gj.val)  
Ståle Vorland, 2 år (gj.val)  
Arne Sandvik, 2 år (gj.val)  
Endre Barane, 2 år (ny)  
Kristen Thorsen, 2 år (gj.val)  
Lars Skippervik, 2 år (gj.val)  
Liv Olson, 2 år (ny)

### Restaureringsnemnd

Knut Hegle, 2 år (gj.val)  
Normann Larsen, 2 år (gj.val)  
Nils Peder Holme, 2 år (gj.val)  
Henning Tveit, 2 år (gj.val)  
Arvid Samdal, 2 år (ny)  
Reinert Hovland, 2 år (gj.val)  
Arne Vorland, 2 år (gj.val)  
Leif Egil Barane, 2 år (gj.val)  
Leif J. Vespestad, 2 år (gj.val)  
Ståle Vorland, 2 år (gj.val)

### Nemnd for merking av stiar

Liv Olson, 1 år  
Arne Lønning, 1 år  
Reinert Hovland, 2 år (gj.val)

### Valnemnd

Odd Engen  
Herdis Westrheim  
Svenn Vorland

### Revisor

Olav Barane



# Espevær-bilete

Bilete etter fotografen Anders Paulsson Wallevik

*Ved Rolf Nesse og Bernt Emil Vika*

Anders P. Wallevik vart fødd på garden Vallavik i Ulvikfjorden i 1874. Som eldst i ein syskenflokk på 10, overtok han garden i 1897 då faren omkom i ei ulykke. Men sjølve gardsdrifta skulle ikkje koma til å spela hovudrolla i Anders sitt liv. I tillegg til gardbrukar var han handelsmann, dampskipsekspeditor, postopnar, fartøyeigar, jakteskipper og ikkje minst fotograf.

Anders kom borti fotografering då han som ung arbeidde ved Brakanes hotell i Ulvik. Der vann han eit fotografiapparat i ein konkurrans, og etter den tid var fotografering ei nærast alttoppslukande interesse resten av livet.

Den mest aktive perioden som fotograf var mellom 1905 og 1935. Han hadde alltid apparatet

med seg på reisene sine. Bileta han tok er i dag ein svært god dokumentasjon på korleis landet, der han reiste, såg ut på den tida.

Ein gong mellom 1910 og 1913 var han innom Espevær, enten på fiske eller i fraktfart. Her nytta han, som alle andre stader der han var, høvet til å fotografera. Desse bileta har redaksjonen i "Leidarsteidn" fått løyve av Hardanger Folkemuseum til å trykkja. Originalbileta er på glasplater, og som ein ser er skarpheten i bileta stor.

Anders P. Wallevik levde til 1965. Samlinga hans på fleire tusen bilete fortel utan ord ei unik historie om land og folk her på Vestlandet.



*Parti mot Kaien, Heljesvikjo og Holmen.*

*Foto: Anders P. Wallevik*





*“Karmsund” ved Kaien På Espevær.  
Foto.: Anders P. Wallevik*





Parti frå Svartesejøen. Huset nærast kamera (br.nr. 131) vart bygt i 1907 for Johannes Gundersen Haraldseid, Skiold. Det brann ned i 1915, men vart bygt opp att like etter. Huset fekk nytt skifertak etter brannen, men utover dette vart det ikkje gjort endringar. På biletet har huset pannetak, altså må biletet vera tatt ein gong før 1915. Huset omtrent midt på biletet (br.nr. 103) vart bygt for Martinus Iversen i 1904. Huset bortanfor det (br.nr. 161) vart bygt i 1906 for Ole Johan Olsen. Dette vart flytta frå Tverborgvik ved Lykling. Huset lengst borte (br.nr. 138) vart bygt for Torstein Hatlevik i 1908.

Foto: Anders P. Wallevik



*“Karmsund” ved Kaien på Espevær.  
Foto: Anders P. Wallevik*



*Biletet syner Kaien. Utanfor Garvik kan ein skimta lykta som vart sett opp der i 1910. Biletet må såleis vera tatt i 1910 eller like etter 1910 ein gong. Foto: Anders P. Wallevik*





Huset til venstre (br.nr. 98) på skjæret Laukableikjo vart opprinneleg bygt som sjøhus i 1837. Sjøhuset kom etter kvart i Thorsten Eiken, Jondal, si eige. Han hadde saltebu nede og husvære oppe. Skjæret vart gjort landfast med to bruer. Thorsten hadde lært å bygga båtar, og i 1902 bygde han "Deodata" i stranda ved huset. Thorsten døydde i 1903, og var den første som vart gravlagd på gravplassen på Espevær. Tidlegare vart bårane frakta til Bømlo. Biletet må vera tatt ein gong før 1913, medan son til Thorsten, Trygve, budde i huset. I 1913 vart det nemleg sett opp ei lykt på Marholmen i bakgrunnen, og denne lykta er ikkje med på biletet. Huset til høgre (br.nr. 70) vart bygt i 1907 for Lars Eiken, ein annan av sønene til Thorsten.

Foto: Anders P. Wallevik



*Dette bildet viser begge gardsbruka på Espevær, br.nr. 1 nærast og br.nr. 5 bortanfor. I bakgrunnen til venstre kan ein sjå Rognahuset, eit stort salteri med bødkerverkstad, br.nr. 73. Huset til venstre framme var vilkårshus for br.nr. 1. Biletet må vera tatt ein gong mellom 1910 og 1912.*

*Foto: Anders P. Wallevik*



*Biletet syner Mandalshuset nærast og Jensahuset til høgre. Foto: Anders P. Wallevik*



# Frå “Norsemann” til “Roerwater”

*Ved Bernt Emil Vika*

Under arbeidet med boka ”Fartøy til fiske og frakt”, utgitt av Bømlo Tur- og Sogelag før jul 2004, dukka det opp mange bilete og opplysningar om båtar som det diverre ikkje var plass til i boka. Ei tid var det snakk om å gi ut to bøker for å få med så mykje av historia til den enkelte båten som mogeleg. Denne tanken måtte ein av fleire grunnar slå frå seg, og ein såg då på ”Leidarsteidn” som eit forum der meir detaljerte presentasjonar av båtar kunne finna stad. Ein båt det har lukkast å få mykje informasjon om, også i etterkant av båtboka, er M/K ”Norsemann”.  
Spesielt gjeld dette tida etter at den kom til Shetland.

## BAKGRUNN

Denne artikkelen byggjer på informasjon frå mange hald. I 1992 utlyste Bømlo Tur- og Sogelag ein konkurranse om å skriva om ein lokal båt. Erling Strand og Ånen Hovland sitt bidrag i konkurransen var om ”Norsemann”. Kjell Birger Sønstabø har gjennom ei årrekke samla opplysningar om båtar frå heile vestlandskysten. Mykje av innhaldet i denne artikkelen byggjer på hans kjennskap til båten. Medlemene i gruppa som utarbeidde båtboka har også bidratt med mange viktige opplysningar. Frå ”Norsemann” si tid på Shetland har Per Arne Lønning gjort ein stor innsats for å belysa båten si historie der. Men mykje av denne historia er også i den seinare tida komen fram som eit resultat av grundig arbeid av ein shetlander med interesse for historie.

Sommaren 2004 var Norvald Nytveit og under-teikna på tur til Shetland og Orkenøyane. På begge øygruppene vart vi svært godt mottekne og vi knytta mange gode kontaktar med historieinteresserte personar derifrå. Vi vart guida rundt og besøkte museum og andre historisk interessante stader. Mellom dei vi fekk spesielt god kontakt med var Douglas Smith frå Shetland. Han tok oss med på ein lengre køyretur rundt på øya, m.a. til Lunna Voe der Shetlandsgjengen hadde den første basen sin på Shetland. På turen spurde vi om Douglas kjende til kutteren ”Norsemann”, og om det framleis kunne finnast restar av båten på Shetland. Vi fortalde det vi visste om båten, og dette fanga interessa hans til å undersøkje nærare om lagnaden til fartøyet.

Han hadde annonser inne i lokalavisene på Shetland og fekk svært god respons på desse. Han undersøkte også på musea der borte og kom over fine bilete av båten. Arbeidet hans enda opp i ein artikkel om ”Norsemann” som kom på trykk i magasinet ”Shetland Life” i januar 2005. Douglas, som les norsk og har oversett fleire tekstar frå norsk til engelsk, har velvillig stilt arbeidet sitt om ”Norsemann” til disposisjon for denne artikkelen.

## BÅTEN

”Norsemann” vart bygd ved Johan Piles Båtbyggeri i Løfallstrand i Hardanger i 1934. Oppdragsgivar var eit reiarlag i Skudeneshavn. Kutteren var kravell bygd av furu. Lengda var 48,1 ft., breidda 15,5 ft. og djupna 6,6 ft. Drektingen var 23,35 bruttoregister tonn. Som framdrift vart installert ein to-takts Rapp motor på 35 HK. Denne gav båten ein fart på ca. 8 knop. Elektrisk lysanlegg var montert for lanterner, lyskastar og arbeidslys.

Fiskerinummeret medan ”Norsemann” var heimehøyrende i Skudenes var R-151-SH.

Innreiinga for mannskapet var ein lugar forut med plass til 6 mann og ei kahytt akter for to mann. Over lugaren forut var det ein bakk, dvs. at dekket var heva med ca. ein fot for å gi betre plass i lugaren under. Lugaren var utstyrt med 6 køyer, benker langs sida framfor køyene og bord til å eta på. Til oppvarming var det ei lita bysse i akterkant av lugaren. Nedgangen til lugaren var i akterkant av bakken med ein liten kappe over.



I forkant av kappen var det eit skylight for å gi lys til lugaren.

Over motorrommet og kahytta akter var det bygd ruff som styrehuset med bestikk stod på. Nedgangen til kahytta var i kappen i akterkant av ruffen. Kahytta var utstyrt med to køyer og bord. Det var mogeleg for to av mannskapet å bu der, men den vart for det meste brukt til å koka i. Nedgangen til motorrommet var på styrbord side av ruff og styrehus.

Båten var utstyrt med to master. Formasta var rigga med bom som vart brukt både til lossing og segling. Aktermasta var rigga med bom og gaffel kun for segl. Seglføringa var fokk og treiseigl på formasta og gaffelseigl på aktermasta.

På babord side var det davitar for livbåten. Eit garnspel for innhiving av garn stod på dekk på styrbord side av formasta. Dette vart drive av framdriftsmotoren.

Navigasjonsutstyret var som vanleg på 1930-talet; kart, kompass og logg. Elles var båten utstyrt med lanterner på forskriftsmessig måte.

Skrog, dekk, rekkestøtter, topprekke, mastrer, luker, dørar og bommar var olja. Skanseledning, ruff, kappar og styrehus var kvitmåla.

Som ny vart båten sett inn i fiske, men dette gjekk dårleg og svarte ikkje til forventningane. Difor vart båten etter kvart liggjande ubrukt.

### **TIL BØMLO**

Allereie etter to år, i 1936, valde eigarane i Skudenes å selja båten. Kjøparane var eit parts-




*Eide-brødrene. Frå venstre: Kristian, Sigvald, Enok, Torvald og Lauritz. Foto frå Lars Vespestad*



*“Norsemann” i Eidesvåg. Klargjering for sildesalting på Nordland. Foto frå Torvald Eide*

reiarlag frå Bømlo, beståande av Torvald Eide, Lauritz L. Eide, Sigvald L. Eide og Kristian L. Eide. Ved takstforretning den 14.10.1936, foretatt av Bømlo fiskerinemnd, vart båten verdsett til kr. 16.000,-. Fiskerinemnda bestod av Kristoffer Lønning, Severin Vika og Sigve Øritsland (formann). Båten vart anmeldt til registrering i fiskerinumregisteret den 28.12.1936, og merkebrev vart utstedt 14.01.1937. ”Norsemann” fekk no fiskerinummer H-128-BO.

1. Anmeldt til registrering. Datum: 28 - 12 - 1936	3. Farkostens art: Motorfarkost	4. Navn: Norsemann	5. Hjemsted: Langevåg Bømlo
2. Merkebrev utstedt. Datum: 14 - 1 - 1937			
7. Lengde (fra forkant av forsveven til akterkant av øverste ende av akterstevnen) 48,1 engelske fot	8. Største bredde: 15,5 fot	9. Dybde i rummet: 6,6 fot	10. Brutto-drektighet: 23,35 tonn
11. Byggested og byggeår: Rosendal 1934	12. Materiale: Ene Antall master: 4	13. Maskin: Art: Motor Rapp, Oslo Alder: 1934 Antall H.K.: 35	
14. Farkosten brukes til: Kystfiske og Havs-fiske			
15. Farkosten tilhørende fiske- og fangstbåter: Doryer Selfangstbåter Snurpenotbåter Notbåter Andre fangstbåter:			
6. Eier(e): (Samtlige eieres navn (den korresponderende reders først) samt den korresponderende reders (firmaets) bopæl og postadresse). Tjornvall, Eide, Bømlo Medeier: Lignvall Eide Bømlo Kvarviks Eide d.y. Kristian Eide		16. Anmerkninger: Motorfarkost Norsemann H. 138 B.O. Norsemann rusde til Langeland under Krigen og er ikke kommet tilbake så den tilgår av merkeregistret Merkebrevet medfølger båten 30/4 1947 Jørgen Hovland 	

Faksimile frå protokollen for merkeregister.  
Tilsynsførar for Bømlo på den tida var Jørgen Hovland

Som tilsynsmann for merkeregisteret den gongen var Jørgen Hovland. Mange vil nok enno hugsa "onkel Jørgen", som krambudreng på Zahlahuset, bestyrar av telegrafan på Fridtun eller som aktiv deltakar i søndagsskularbeidet saman med kjøpmann Nils Olson.

Dei nye eigarane brukte båten på det årlege stor- og vårsildfisket med drivgarn og på nordsjødriving etter sild. Den vart også brukt til sildesalting på Nordland i tre sesongar og til fraktfart. Frakta var m.a. murstein og div. anna last langs kysten. Etter som båten var liten, eigna den seg dårleg til fraktfart.

"Norsemann" låg mykje i Eidesvåg, men også ein del i Langevåg, innerst inne i Kåså. Her låg forretninga til Nils Olson, og innanfor der eit stort naust eigd av Marie og Gabriel Eide. Dette vart seinare kjøpt av Kristoffer Eidesvik og flytta til tomta like utanfor butikken, der det står i dag.

Kokk på "Norsemann" på vintersildfiske i sesongane 1939 og 1940 var Olav Olson. Han var glad i å skriva, og brukte å skriva dagboknotat i små notisbøker og "7. sans". For sesongen 1939 skriv han at "Norsemann" fiska for kr. 10284,25. Brutto lut var kr. 626,85 og netto lut kr. 545,58. Sesongen 1940 fiska "Norsemann" 2900 hl. sild. Fangsten vart omsett for kr. 19865,18 og brutto mannskapslut var kr. 1406,94. Netto vart mannskapsluten kr. 1399,42.





“Norsemann” i Kåso tidleg i krigen. Foto frå Torvald Eide

## KRIG

Mot slutten av 1930-talet var det ufred i Europa. Hitler hadde overteke makta i Tyskland, og han var oppsett på å utvida det tyske riket slik at ”herrefolket” fekk meir Lebensraum (livsrom). I første omgang var målet å utvida landet slik at alle tysktalande personar kom innfor Tyskland sine grenser. Det såkalla Rhinland på grensa mot Frankrike vart innlemma i Tyskland. Dette var brot på Versaillestraktaten, krigsoppgjeret etter første verdskrig, ein avtale som tyskerane såg på som svært urettferdig. Anekteringa av dette landområdet gav Hitler

ein veldig popularitet i Tyskland, og den vakte også ein viss forståing blant andre land i Europa. Det vart kalla inn til eit møte mellom Hitler og regjeringsjefane i Frankrike og Storbritannia i München i september 1938. Her vart utvidelsen av Tyskland godkjend. Det vart til og med akseptert at Tyskland kunne få anektera Sudetenland, ein del av Tsjekkoslovakia. Hitler på si side lova at han ikkje skulle koma med fleire krav på landområde i Europa. Dei allierte gav Hitler eit ultimatum der dei gjorde det klart at åtak på eit anna land ville medføra krigserklæring mot Tyskland. Omlag eit år seinare, den 2. september 1939, gjekk tyske troppar inn i Polen, og ein storkrig var uunngåeleg.

Norge hadde erklært seg nøytralt, dvs. tok offisielt ikkje parti med nokon av dei stridande partane. Sjølv om krigen etter kvart rasa ute i Europa, stolte Norge fullt ut på nøytralitetspolitikken, og var vel relativt dårleg førebudd då overraskelsesangrepet kom den 9. april 1940. På våre kantar var det berre utplassert nøytralitetsvakter langs kysten. Det tok omlag to

månader før landet vårt var okkupert. Tyskarane innførte ein del påbud og forordningar overfor nordmennene. Folk måtte heile tida bera på seg såkalla grensebuarbevis, eit slags identitetsbevis eller pass. Det vart påbudt med blanding av vindaugo i husa etter mørkrets frambrudd og etter kvart vart det innført rasjonering på matvarer og anna handelsvare. Aviser og tidsskrift vart underlagt sensur, og det vart med tida forbudt å ha radio. På fiskebåtane vart det påbudt å måla nasjonalitetsfargane på utsida av skanseledninga framme

GREZZONEN-BESCHEINIGUNG  
Grenzzone West  
GRENSEBOERBEVIS  
Grensesone Vest

Nr.: 77.

Polizeidirektor/Lensmann in Finnås  
Politimesteren/Lensmannen i Finnås

Inhaber dieser Grenzzone-Bescheinigung,  
Innehaveren av dette grenseboerbevis

Bernhard S. Houland geb. am 31/3/1918 in Finnås  
født den 31/3/1918 i Finnås

Beruf: Arbeider og fisker Staatsangehörigkeit: Norsk  
Yrke: Arbeider og fisker Nasjonalitet: Norsk

hat seinen/ihren ständigen Wohnsitz in: Bømlo  
har sin/faste bopel i: Bømlo

Polizei/Lensmanns-Bezirk: Finnås  
Politilensmanns-distrikt: Finnås

Diese Bescheinigung berechtigt zum Verkehr in folgenden Polizei-  
bezirken der Grenzzone West:  
Dette bevis gir innehaveren rett til å ferdes i følgende politi-  
distrikter i Grensesone Vest:

*I alle politidistrikter i Grensesone Vest.*

Ort: Finnås lensmannskontor  
Sted: Finnås lensmannskontor

Datum: 29/9 -40.  
Datum: 29/9 -40.

Bernhard S. Houland  
Eigenhändige Unterschrift  
Egenhendig underskrift

Knut R. Rasmussen  
Unterschrift des Polizeidirektors bzw.  
Lensmanns  
Politimesterens eller lensmannens  
underskrift

Passet til ein av flyktingane, Bernhard Houland.  
Pass utlånt av Kristian Houland



og bak. Dette vart også gjort på "Norsemann".

Mange nordmenn såg det som ei plikt å delta i motstandskampen mot okkupasjonsmakta, og ein god del ungdomar frå våre kantar meinte at dei best kunne gjera dette ved å flykta til Storbritannia for å føra kampen derifrå.

### TIL SHETLAND

Tanken om å dra til Shetland hadde vore levande ei stund blant enkelte av ungdomane rundt Langevåg. Birger Vespestad fortel at ungdomane frå Vespestad av og til brukte å sitja framfor ein steingard på gardsbruket deira og sjå utover bygda. Han minnest at ei flukt til Shetland då vart omtala. Blant ein del andre ungdomar vart det også snakka om flukt til Shetland. Markus Olson minnast at dei diskuterte korleis dette kunne gjennomførast, og at dei var inne på tanken om å ta "Norsemann", som då var heime og låg i Kåså. Men to av eigarane, Sigvald og Kristian, ville sjølv vera med på flukta og stilte gjerne "Norsemann" til disposisjon. Dermed var planleggingsarbeidet for flukta i gong.

Flyktningane hadde nok forskjellige grunnar for å dra, men frykt for å bli innkalla til teneste for tyskarane var ein sterk medverkande årsak til at dei no ville over Nordsjøen. For nokre var det begynt å "brenna under beina". Hans Tvedt hadde t.d. forsynt ein annan fluktbåt med bunkers og dette hadde tyskarane fått "nyssen" i. For han var det svært viktig å koma seg vekk. Til mora, Johanna, sa Hans at han skulle på basar den kvelden dei drog. Det vart ein "basar" som varte i rundt fire år. Seinare var tyskarane hos Johanna og spurde etter Hans, men, sjølv om ho hadde sine tankar, visste ho sjølv sagt ingen ting.

Olav Olson hadde nær blitt arrestert i Kristiansund, etter at han hadde vore med på å riva ned plakatar med nazistisk innhald. Lensmann Henrik Robberstad hadde fått rede på dette, men i staden for å gå til arrestasjon, snakka han med far til Olav, Nils, og kom med klar beskjed om at Olav no måtte koma seg i sikkerhet. Ei stund etter at Olav hadde forlatt landet, fekk Nils besøk av Gestapo. Dei gjorde avhøyr av

både han og ein annan av sønene, Tønnes, men begge gav uttrykk for at dei ikkje visste kvar Olav var.

Hans Vespestad fortel at avtalen mellom ungdomane var at når "Norsemann" gjekk ut Langevåg og la seg til ankers i Eidesvåg, då var det klart for å dra. Ryktet gjekk fort mellom ungdomane, og 17 personar, 16 menn og ei kvinne møtte opp og ville vera med. Hans Vespestad fortel vidare at han og faren, Tollef, stod og drøfta korn då "Norsemann" gjekk ut Langevåg. Tollef undra seg på kvar den skulle, men Hans lot som han ikkje visste noko. Han sneik seg ut til Eidesvåg, og det var ikkje kontakt mellom far og son på mange år.

I Eidesvåg gjorde dei klart for turen. Hans Tvedt hadde skaffa proviant frå forretninga til bror sin, Nils. Provianten hadde dei samla i ein stor sekk som Mathias Henriksen bar på ryggen til Eidesvåg. Dei syntest dei hadde lite vatn til så mange, difor rodde to av dei, Hans Vespestad og Birger Vespestad, bort til Sundtahuset og tok to tomtønner. Dei måtte ta "Norsemann" heilt inn til bekken som rann ut frå Eidesvatnet for å ausa vatn i tønnene.

"Norsemann" hadde ikkje logg om bord, og dei likte ikkje tanken på å leggja ut utan. Dei visste at Simon Eidesvik hadde ein logg, og det blir fortalt at han nærast vart trua på livet for å gi frå seg denne loggen.

Ved midnatt, natt til 9. oktober 1941, sette dei kursen vestover, bort frå det okkuperte Norge og mot den næraste delen av den frie verda, Shetland.

Veret var fint då dei la ut. Det var måneskinn og stille med enkelte lave tåkeskyer. Dei gjekk mot Nordøyane for å snika seg ut Gunnarskjærsholet. Lanterner og anna lys på båten var avslått. Tyskarane hadde båtar som patruljerte langs kysten, og spaninga var stor om dei ville bli oppdaga. Skjedde dette, kunne konsekvensane vera alvorlege. Men alt gjekk fint, og kursen vart sett vestover.

Etter 6 – 8 timars gange kom Sigvald sprin-

gande opp frå motorrommet og kommanderte stopp. Det var problem med kjølevatnet og motoren gjekk seg varm. Dette vart raskt retta opp, og ferda kunne halda fram. Men etter nok eit par timars gange skjedde det same igjen. Atter ein gong måtte dei stoppa motoren og reparera. Etter dette gjekk ferda fint, utan tekniske problem.

Ein av dei som flykta var Olav Olson. Som tidlegare nemnt hadde han vore kokk på "Norsemann" og var flittig med å skriva dagbok. Om turen over Nordsjøen og dagane etter skriv han:

*"Avreise fra Norge med M/K "Norsemann". Gikk fra Bømlo den 8/10-41 kl. 24 fra Eidesvågen. Vi var 16 mann og 1 kvinne. Det var månelyst da vi gikk, men alt gikk bra. Da det blev lyst om morgenen, var landet ute av sikte. Ut på morgenen 9. øket vinden som vi hadde fra nordvest, det var også en del sjø. Det var en veldig spenning, men alt gikk fint. Om kvelden og utpå natten flauet vinden, og sjøen la sig litt. Kl. 2 om morgenen 10/10 fikk vi landkjenning. Vi gikk en par timer, og så dreiet vi til. Lå da til det lysnet. Oppdaget snart at vi hadde truffet bent på Lerwick fyr. Da vi hadde ligget en stund utenfor fyret, kom en engelsk vaktbåt og loset oss inn. Den het "Fox". Vi kom inn til kaien kl. 10 formiddag. Blev der mottatt av kapt. Birkelund, som ønsket oss velkommen. Da vi hadde gått igjennom noen forhør, blev vi sendt til en leir hvor vi traff en hel del rømlinger fra hele landet. Kl. 2 spiste vi middag. Det var et herlig måltid med te og hvetebrød, som var en sjeldenhet hjemme – og så plenty cigaretter. Dagene gikk fort mens vi var der. Vi var der i 5 dager. Så gikk turen til Aberdeen med D/S "St. Magnus". Kom til Aberdeen 16/10 kl. 1/2 10 om formiddagen. Blev mottatt på et flott hotell, var der til om kvelden. Reiste derfra kl. 1/2 6 med toget – gikk gjennom en masse byer, men det var mørkt så det var lite vi fikk se. Kom så til London kl. 9 om morgenen. Blev først imottatt på en skole den 17/10. Blev der i 4 dager hvor vi gjennomgikk en masse forhør, og så fikk vi engelsk pass. Blev flyttet til Imperial Hotel 20/10. Bodde der til 23/10. Så reiste en gjeng på 6 mann til Skottland, deriblant Markus. Eg og N. Eide blev flyttet på County Hotel for ny*



*Olav Olson (t.v.) som soldat i Skottland. Dei to andre på biletet er ukjende. Foto frå Janice O. Bogetveit*

*legeundersøkelse. Blev godtatt som stridsdyktig 29/10. Reiste med tog fra London 30/10 til leiren i Skottland - Dumfries. Kom dit om morgenen 31/10 - hvor vi nu er begynt å trene".*

Under opphaldet sitt i Skottland heldt Olav fram med å skriva dagbok. Desse bøkene er ein svært god dokumentasjon på korleis ein norsk flyktning hadde det i Storbritannia under krigen.

Olav skriv at dei var i "en masse forhør" både på Shetland og i London. Dette var ein prosedyre alle som flykta til Storbritannia måtte gjennom. Styresmaktene ville forsikra seg om at personane som kom var verkelege flyktningar og ikkje t.d. fientlege etterretningsfolk.

Etter at dei var sikkerhetsklarerte var det opp til kvar enkelt å velja den tenesta som passa best. I store trekk valde dei fleste å gå inn i dei norske styrkane som var etablerte i Skottland, i marinen eller i handelsflåten.


# DEI SOM DROG MED ”NORSEMANN”

Nedanfor følger ein oversikt, i alfabetisk rekkefølge, over dei som drog til Shetland med ”Norsemann”.



*Kristian Eide*

Kristian Eide vart fødd den 11. november 1918 og var 23 år gammal då han flykta. Kristian var fiskar og medeigar i ”Norsemann”. Han kom inn i dei norske styrkane i Storbritannia den 25. oktober 1941, men søkte seg over i marinen og vart overført dit den 10. juli 1942. Kristian tenestegjorde på jagarane ”Draug”, ”Eksdale” og ”Stord”. Medan han var på ”Eksdale”, vart båten torpedert og søkkt i Den engelske kanal den 14. april 1943. Etter dette fekk han teneste på ”Stord” og var med då ”Sharnhorst” vart søkkt den 26. desember 1943 nord for Nordkapp. Han vart dimittert den 7. desember 1945. Etter krigen har Kristian vore med ”Doggen” og ”Hjartøy” på fiske. Han har også vore tilsett ved Norges Sildesalgslag sitt kontor i Haugesund. Han døyde 16. juli 2001.



*Nils A. Eide*

Nils A. Eide vart fødd 16. november 1917 og var såleis 24 år då han drog til Shetland. Han vart teken opp i dei norske styrkane i Storbritannia den 31. oktober 1941. Han dimitterte 28. august 1943 og vart då tilsett ved Kensington House i London, der den norske eksilregjeringa hadde kontor. Der var han til krigen var slutt. I 1948 drog han til USA og har m.a. arbeidd ved flyfabrikken Boeing. Han bur i dag (2005) på ein aldersheim i byen Enumclaw ved Seattle i staten Washington.





*Sigvald Eide*

Sigvald Eide vart fødd 21. august 1915 og var 26 år då han flykta til Shetland. Sigvald var fiskar og medeigar i "Norsemann". Han melde seg til teneste i den norske handelsflåten og var med båtane M/S "Estrella", M/S "Kong Haakon VII" og D/S "Star". Medan han var på "Estrella" vart båten liggjande i Sør-Afrika i nærare eitt år. Som mannskap på "Star" var han med på invasjonen i Frankrike. Etter krigen var Sigvald fiskar, for det meste på "Doggen". Han døydde 1. juni 1990.



*Mathias Henriksen*

Mathias Henriksen vart fødd 29. januar 1923 og var berre 18 år då han drog med "Norsemann" til Shetland. Han vart teken opp i dei norske styrkane i Storbritannia den 24. oktober 1941. Han kom med i 2. Bergkompani og var m.a. med i felttoget i Finnmark i 1944 – 45. Han vart teken til fange av tyskerane og sat i fangenskap til krigen var slutt. Etter krigen drog han til Amerika og har budd i Seatle i staten Washington. Der har han livnært seg som fiskar og snekker. Mathias døydde 26. juni 2002.



*Bernhard Hovland*

Bernhard Hovland vart fødd 31. mars 1918 og var såleis 23 år då han flykta med "Norsemann". Han gjorde teneste i den norske handelsflåten og var ombord på D/S "Veni". Medan han var der, vart han sjuk og vart innlagd på eit sjukehus i Skottland. Der døydde han den 7. februar 1943, 24 år gammal.



*John Lodden*

John Lodden vart fødd 26. august 1916 og var 25 år då han drog med "Norsemann" til Shetland. Han kom inn i marinen og vart med i Shetlandsgjengen. Der kom han med på båten "Aksel" og var fleire turar over Nordsjøen på illegale oppdrag. Han omkom den 11. desember 1942, 26 år gammal, då "Aksel" havarerte nord-aust av Shetland i dårleg ver under ein tur til Nord-Møre.




*Georg Lønning*

Georg Lønning vart fødd den 7. juli 1922 og var 19 år då han flykta med "Norsemann". Han kom først inn i dei norske styrkane i Skottland, men søkte seg over i marinen og kom inn der den 10. juli 1942. Først var han om bord på depotskipet "Draug" og seinare på D/S "Heimdal". Deretter tenestegjorde han på korvettane "Rose" og "Acantus". Han vart dimittert den 17. januar 1946. Georg omkom som mannskap på D/S "Skoghaug" då skipet gjekk på ei mine utanfor kysten av Nederland den 24. desember 1947, 25 år gammal.



*Hans Nilssen*

Hans Nilssen vart fødd 23. januar 1923 og var berre 18 år då han flykta med "Norsemann". Han melde seg til teneste i dei norske styrkane i Storbritannia og vart teken opp der den 24. oktober 1941. Han kom med i 2. Bergkompani og var m.a. med i felttoget i Finnmark i 1944 – 45. Etter krigen verva han seg i militæret i ein periode. Han har seinare vore fiskar og i ein lengre periode billettør på HSD-ferjer. Han bur i dag (2005) i Langevåg på Bømlo.



*Markus Olson*

Markus Olson vart fødd 28. januar 1924 og var berre 17 år då han flykta til Shetland. Han var såleis den yngste av alle som drog med "Norsemann". Han vart teken opp i dei norske styrkane den 31. oktober 1941 og tenestegjorde i artilleriet til krigen var slutt. Etter krigen har han vore drosjesjåfør, fiskar og sjømann. Han bur i dag (2005) i Langevåg på Bømlo.



*Olav E. Olson*

Olav Egil Olson vart fødd 13. mars 1920 og var såleis 21 år då han flykta til Shetland. Den 31. oktober 1941 vart han teken opp i dei norske styrkane i Skottland og gjorde teneste i artilleriet til krigen var slutt. Olav har vore drosjesjåfør størstedelen av det yrkesaktive livet etter krigen. Han døydde 10. november 1998.



*Hans Tvedt*

Hans Tvedt vart fødd 26. april 1919 og var 22 år då han drog til Shetland. Han vart teken opp i dei norske styrkane i Storbritannia den 24. oktober 1941. Der gjorde han teneste i 4. forsyningsbataljon til krigen var over. Han kom tilbake til Bømlo via Nord-Norge på ettersommaren 1945, og overtok kolonialbutikken etter broren, Nils, som døydde same året. Denne butikken hadde lokale omtrent der blomsterbutikken i Langevåg er i dag. Han arbeidde også ein periode på oljeplattform i Nordsjøen. Hans døydde 31. oktober 1984.





*Marta Tvedt*

Marta Tvedt vart fødd 29. november 1918 og var såleis 23 år då ho flykta med "Norsemann". Marta var gift med Hans Tvedt, og under opphaldet i Skottland fekk dei borna Kåre, f. 1942 og Herdis, f. 1944. Etter som ho hadde ansvar for små born, var det uråd for henne å gå inn i militær eller sivil teneste. Hans og Marta vart skilde i 1948, og Marta flytta tilbake til Skudenes, der ho opphavelig kom frå. Ho døydde 8. oktober 1976.



*Adolf Vespestad*

Adolf Vespestad vart fødd 3. oktober 1918 og var såleis 23 år då han flykta til Shetland. Han tenestegjorde i handelsflåten og var ombord i båtane M/S "Belnor", D/S "Lido" og D/S "Kongshavn". Adolf drukna i ei dokk i Hull i England under mørklegginga av byen den 24. februar 1944, berre 25 år gamal.



*Birger Vespestad*

Birger Vespestad vart fødd 10. september 1915. Han var 25 år då han drog til Shetland. Birger mønstra på i den norske handelsflåten og var med båtane M/S "Estrella", M/S "Tarn", M/T "Noreg", M/T "Vinga" og M/T "Gylfe". Medan han var på "Estrella" vart båten liggjande eit heilt år i Cape Town i Sør-Afrika. I tida på "Noreg" var han med på å bunkra båtane i konvoiane over Atlanteren og dei allierte krigsskipa i Barentshavet. Etter krigen har Birger vore sjømann, mykje i haugesundsrederiet Nesheim. Han har også vore fiskar, for det meste på espeværslåtar. Han bur i dag (2005) i Langevåg på Bømlo.



*Hans Vespestad*

Hans Vespestad vart fødd 15. august 1923 og var berre 18 år då han drog med "Norsemann" til Shetland. Han fekk teneste i handelsflåten, og 29. oktober 1941 mønstra han på D/S "Fido". Seinare i krigen var han ombord på M/T "Solstad", M/S "Belnor" og M/S "Heimvard". Etter krigen var Hans nokre sesongar på fiske. Seinare har han vore sjømann i utanriks fart, mange år som styrmann i Paal Wilson rederi. Han bur i dag (2005) i Langevåg på Bømlo.



*Johan Vespestad*

Johan Vespestad vart fødd den 16. mai 1916 og var såleis 25 år då han flykta til Shetland. Han fekk teneste i handelsflåten og var ombord på båtane M/S "Belnor", D/S "Lido", M/T "Gallia", T/T "Nordahl Grieg" og M/S "General Fleischer". Etter krigen var Johan mykje på fiske. Han har m.a. vore med båtane "Bømmeløy", "Doggen" og "Havbris". Han har også vore på div. vegarbeid i Langevåg-området. Johan døydde 25. februar 2002.



*Anders Vestvik*

Anders Vestvik vart fødd 4. juli 1915. Han var 26 då han flykta til Shetland. I Storbritannia søkte Anders seg inn i marinen og vart tatt opp der den 15. oktober 1941, berre nokre dagar etter at han ankom Shetland. Han tenestegjorde på jagarane "Newport" og "Eksdale", korvetten "Tunberg" og patruljebåten "Honningsvåg". Han vart dimittert den 19. februar 1946. Anders har vore sjømann, dei siste 15 yrkesaktive åra som kokk på "Bas". Han døydde 14. mai 1988.

# ”NORSEMANN” PÅ SHETLAND



*”Norsemann” til ankers på Shetland*



*”Roerwater” ved piren i ”the smaa dock” i Lewick på Shetland. Mannskapet gjer klar for fiske. Foto frå Shetland Museum*

”Norsemann” vart overtatt av dei britiske styresmaktene, men kva den vart brukt til under krigen har det ikkje vore mogeleg å få noko klart svar på. Det har vore antyda at den gjekk inn i flyktningtrafikken på Norge, men det finst ikkje belegg for dette i skriftlege kjelder. Motoren var nok også altfor liten og farten for lav til ein slik trafikk. Etter alt å døma var den, saman med båtar som ”Chice”, ”Feren”, ”Homeland” og ”Maggie Helen”, med i ein liten flåte fiskebåtar som dreiv fiske mellom Lerwick og Mousa for den lokale marknaden. Det kan og vera mogelag at den gjekk mellom Shetland og det skotske fastlandet i forskjellige oppdrag.

Etter krigen står ein Duncan Mouat oppført som eigar av ”Norsemann”, men den kom snart i forretningsmannen J.W. Robertson mfl. si eige. Dei kalla båten ”Roerwater”. Den vart registrert for fiske og fekk fiskerinumner LK.432. Båten hadde heimehamn i Lerwick, lengst inne ved moloen i ”the smaa dock”. Partsreiarlaget som

no åtte båten hadde fleire båtar i flåten sin, alle med namn etter innsjøar på Shetland, t.d. ”Laxowater” og ”Clingswater”. ”Norsemann” vart karakterisert som eit førsteklasses fartøy, på lik line med alle norske fiskefartøy av denne typen.

Då krigen var slutt i Europa den 8. mai 1945, var det svært få store fiskebåtar på Shetland. Dei aller fleste var blitt rekvirerte av det britiske forsvaret. I følgje ein artikkel av J.R. Nicolson i avisa The Shetland Times var ”Roerwater” ein av dei første båtane etter krigen som leverte ein større fangst med sild. Fangsten blei tatt på feltet Burra Haaf og levert i Scalloway den 2. juni 1945. Skipper var John Thomson.

I åra frametter vart ”Roerwater” brukt som andre fiskebåtar frå



Shetland, til garnfiske etter torsk, hyse og annan kvitfisk og til drivgarnsfiske etter sild.

Lolly Thomson frå Aithsetter i Cunningsburgh arbeidde som kokk og fiskar på "Roerwater" i 1948-sesongen. Dei var i alt 7 mann om bord, og James Tait var skipper. Mannskapsluten var mellom £ 4,10 og £ 4,50 i veka, med noko bonus dersom fisket var godt. Til saman fiska dei for rundt £ 3.000 denne sesongen. Dette var siste sesongen båten vart brukt til fiske. Heile 1949-sesongen vart den liggjande på den faste plassen sin i havna i Lerwick.

Lolly Thomson har fleire minne frå tida han var mannskap på "Roerwater". Ein gong, kan han fortelja, var han oppe på dekk for å rista ein fløyteboks. Det var hol i toppen av boksen, og ein skvett fløyte flaug gjennom lufta og traff nakken til ein av mannskapet, Robbie Tulloch, som sat framoverbøygd og reparerte eit garn. Robbie antok at det dreidde seg om eit visittkort frå oven, og fekk med all tydelighet demonstrert ein fiskar sitt rikholdige vokabular.

Ei anna historie Lolly kan minnast frå tida ombord på "Roerwater" handla om ein annan av mannskapet, John Mulley. I tillegg til å vera ein ekte skøyar, var John svært flink til å reparera klokke. Ein ettermiddag medan det var fint ver og resten av flåten var ute etter sild, låg "Roerwater" roleg inne i "the smaa dock". Ein forbi-passerende spurde John kvifor dei ikkje var ute no når det var slikt perfekt ver for sildefiske. John tok ut av lomma si eit lite tannhjul frå ei klokke og sa at dei nok ikkje kunne leggja ut før eit nytt tannhjulet var montert i motoren. Den forbi-passerende rista på hovudet og gav uttrykk for at det neimen ikkje skulle mykje til for å gjera ein motor ubrukeleg no for tida.

Ein gong medan båten låg ved fiskemarknaden i Lerwick, sokk den ned, men vart seinare heva og reparert.

"Roerwater" hadde eit stort "drawback". Motoren var altfor liten til å driva eit effektivt fiske, og den kunne etter kvart ikkje konkurrera med andre fiskebåtar. Tidleg på 1950-talet vart difor båten lagd ut for sal. Duncan Sandison frå Baltasound

**FOR SALE.**

The Well-Known Fishing Boat  
**ROER WATER, LK.432.**  
Built in 1934.  
Length 47ft. 6in. Beam 15ft. 8in.  
Fitted with 35 h.p. Semi-Diesel  
Engine, speed 7½ knots; also  
Lossiemouth Winch, Elliot &  
Garrod Boiler.  
Vessel is adapted for Seine and  
Drift Net Fishing.  
—Further particulars and offers to  
**ROBERTSONS (LWK.) LTD.**  
**Alexandra Wharf, Lerwick.**

*"Roerwater" utlyst for sal i "Shetland Times" i februar 1949*

på Unst kjøpte båten og brukte den ei stund til generell arbeidsbåt. Kjøpesummen var £ 100. At Sandison kjøpte "Roerwater" skjedde ved ein tilfeldigheit. Ein gong tidleg på året 1952 var han på tur til Lerwick og kom i snakk med dåverande havnemester, kaptein Willie Inkster. Under samtalen vart Sandison spurd om han ville kjøpa ein båt. Eit båtkjøp var ikkje i Sandison sine tankar, men han let seg overtala til å sjå på båten. Resultatet vart at han kjøpte "Roerwater" med tanke på å gi sysselsetting til nokre fiskarar på Unst. Men det skulle visa seg at båten aldri meir kom på fiske på komersiell basis.

Duncan Sandison hadde båten i nokre år. Han la ned ein del arbeid på den, og den likna etter kvart meir på ein privat yacht enn ein fiskebåt. Den vart no brukt til turar mellom øyane på Shetland, men stadige motorproblem grunna skit i drivstoff-tankane gjorde bruken av båten vanskeleg.

Medan båten var i Sandison si eige, tok det fyr i maskinrommet, og den vart påført ein del skade. Rapp-motoren måtte fyrast, og ein gong under oppstart var det kome ein del diesel rundt svinghjulet. Denne vart dradd med hjulet då motoren starta, og skvetter av diesel vart slengde bort på fylampa og tok fyr. Rommet vart utbrent, men båten redda. Etter brannen vart den reparert og igjen brukt som turbåt.



*“The smaa dock” i Lerwick havn slik dokken ser ut i dag.  
Foto frå Douglas Smith*

”Roerwater” sin siste tur skulle visa seg å verta dramatisk. Duncan Sandison hadde deltatt i ein seglregatta ved Mid Yell, og på veg heim, i eit forrykande ver, brukte han ”Roerwater” til å taua to av båtane sine, ”Laughing Water” og ”Flying Cloud”. To andre båtar var plasserte på dekk. Motoren stoppa, og det var umogeleg for maskinist Norman Hunter å få den igong igjen. Dei bestemte seg for å heisa segl, men det var eit stort hol midt i det, så det var til lita hjelp. Dei dreiv mot land, og mannskapet vart engstelege for at dei skulle gå på klippene ved Hamarsness på Fetlar. Dei trøysta seg med at dei hadde båtar å ta av og at dei hadde dyktige seglarar om bord. Men

tidevatnet snudde, dei gjekk klar klippene og kom seg i ly ved Gossabrough. Her låg ein norsk fiskebåt som tok på seg å slepa dei heim til Baltasound for £ 5.

Like etter denne episoden vart ”Roerwater” dradd opp i ei strand på nordsida av Baltasound. Seinare vart den seld til Duncan Mouat frå Haroldswick som hogg den opp og brukte materialane til gjerdestolpar. Styrehuset vart ikkje øydelagt, og pålitelege kjelder kan fortelja at det ei stund vart nytta til bolig for ein Samuel Thomson. Heilt fram til utpå 1960-talet eksisterte styrehuset. Saman med manualane til Rapp-motoren, som framleis eksisterer, var styrehuset dei siste levningane av ei stolt skute med ei spanande historie.

Takk til ”Norsemann”, og takk til dei som flykta til Shetland og gjorde teneste i utlandet i kampen for vår frihet!

Kjelde: Kristoffer Bergtun ”Opplysningar om personar frå Bømlø som var ute under krigen 1939 - 1945”  
Utgitt 1987.

## Gamalt bilete



*Kåso ein gong på slutten av 1950-talet  
Foto frå Janice O. Bogetveit*



*BØMLO TUR- OG  
SOGELAG*

*Tur- og Sogelaget jobbar  
jobbar hardt med vår kultur  
vi er ingen late snobbar  
slik som mange ofte trur  
vi tar vare på det gamle  
skriv bøker når det trengst  
vi historie vil samle  
her på Bømlo skal vi lengst.*

*Vi har skog og grønne lier  
vi har fuglar på kvar kvist  
vi har merka våre stiar  
slik at vi finn fram til sist  
vi har fjell og djupe dalar  
vi har strender fylt med sand  
når vi høyrer sjøen skvalar  
settes hjertene i brann.*

*Våre forfedre må heidrast  
gjennom handling, gjennom ord  
deira byggverk dei må fredast  
vi må reinske deira spor  
vi må takke for den kunnskap  
som har gått fra far til sønn  
om vi alle viser truskap  
vi til sist vil få vår lønn.*

*Einar Kallevåg*





# Fridtun - 160 år.

Hillestveit, gnr. 58, brn. 8

*Av Kari Shetelig Hovland*



*Fridtun i 2005*

Haugianaren Knut Pedersen Hillestveit, f. 1786, gjekk i brodden for å få bygt eit samlingshus på Bømlo. Han gav fri grunn. Tilreisande snikkarar bygde huset, dei hadde fritt hus og mat hos Knut. Bygdefolket var med og arbeidde på dugnad. Huset stod ferdig i 1845, med stor stove, kammers og gang. Fridtun er det eldste samlingshus som er bevart i Norge.

Frå 1875 blei huset også brukt til skulestove, det var lenge både samlingshus og skule. Her møttest bygdefolket i mange høve. Til dømes var det skikk at folk tok seg fri heile dagen til Helgemess (2. november), då var her samling både middag og kveld, og i lagleg ver sat folk rundt på haugane og pratte. Dei hadde mat med, og fekk koka store kjelar med kaffi på grua i Hilleborgstova.

Indremisjonsforeningen blei stifta i 1882, og fekk då ansvar for huset. I 1896 bygde kommunen skulehus på Vespestad, for dei øvste klassane. Men småskulen heldt til på Hillestveit til den nye skulen på Vespestad stod ferdig i 1923. Læraren for småskulen budde i kammerset her.

Indremisjonsforeningen bygde nytt bedehus på Eide i 1911, og selde Fridtun til Bømlo Privatbank.

I 1923 blei huset tatt i bruk som telefonstasjon. Jørgen Hovland heldt til i kammerset, der dei

private telefonlinene var kobla til den store tavla. Banken selde huset til kommunen i 1937. Det blei då nytta til herredstyremøte. Her var kontor for trygdekassa og forsyningsnemnda. Etter krigen flytta Bømlo postopneri inn i huset. Då telefonstasjonen kom inn i nytt hus i 1954, blei det gamle huset innreidd til post, liknings- og trygdekassekontor.

Etter kommunesamanslåinga blei huset ståande tomt. Så leigde Bunes huset i fleire år til elektrisitetsverkstad og lager, men etterat han flytta derifrå, stod huset atter tomt, og var i dårleg stand. Kommunen ville riva heile skrotet. Men då sette bygdefolket seg imot. Mange minne knyter seg til dette huset, det er ein del av bygdas ansikt. Bømlo Tur- og Sogelag fekk då tilbod om å overta huset. Styret vedtok å overta huset med grunn vederlagsfritt, og fekk papir på dette 23.02 1989.

Etter to års restaurerings-arbeid, utført på dugnad, stod huset ferdig, og er no innreidd til eit lite bygdemuseum.



*Skuleklasse utanfor Fridtun  
ca. 1922*

# Peder og Helmer Eidesvik

## *Ved Einar Kallevåg*

Ole Nilsen Eidesvik, Vorland, født 1857, gift med Dorthea Kolbjørnsdatter, født 1866.

Ole Nilsen Eidesvik eigde i den engelskbygde kutteren S/S "Sjødronningen" og var skipper på dette fartøyet i mange år på makrelldorging i Nordsjøen. Ole hadde også eigarinteresser i listaskøyta S/S "Stjernen". Han var utlært blikkenslager med 4 års læretid i Stavanger. Det lever fortsatt nokre bømblingar som minnes Ole sine kunster med loddebolten. Ole døydde i 1945. Han vart 88 år gamal.

Ole og Dorthea fekk etterkvart mange barn, dei fleste var jenter. Karoline, født 1888 (gift m. Peder Holme), Nora, født 1891 (gift m. Anton Kallevåg), Gabrielle, født 1893 (ugift), Marie, født 1895 (ugift), Olava, født 1897 (gift m. Elias Kallevåg), Helmer, født 1900 (gift m. Lilly Konstanse Marie Thune, Haugesund), Peder, født 1903 (gift m. Herdis Hansen, Stavanger), Inga, født 1905 (gift m. Bernt Vestvik).

Ole og Dorthea budde med denne store barneflokk i Kolbjørnshuset i Eidesvik like til huset vart feia på sjøen under eit uver i 1906. Det er fortalt at ei av jentene fekk bitar av skorsteinen over seg, og at ei vogge med barn havna i sjøen. Alle saman vart berga utan nevneverdige skader.

Etter denne hendelsen bygde Ole nytt hus på andre sida av vågen der det vart kalla Sundtaberget.

Etter kvart som barna vaks opp, måtte dei ut i arbeidslivet. Peder begynte som krambugut på Zahlahuset, men her vart han ikkje så lenge. Fru Zahl skjøna snart at det var godt hovud på ungguten, og fekk overtala han til å søkja seg inn på handelsskulen. Han fekk skuleplass i Stavanger, som viste seg å bli heimstaden hans resten av livet.

Etter skulen fekk han jobb på Stavanger sementvarefabrikk. Her arbeidde han seg oppover i gradene. Då han vart pensjonist, var han kontorsjef.

Peder vart gift med Herdis Hansen frå Stavanger.

Dei fekk berre ein son, Per, men han døydde berre 11 år gamal. Peder var ein stillferdig person, med eit kristent livssyn, og han kom tidleg med i aktivt misjonsarbeid. Denne interessa hadde han til sin døyande dag.

Peder Eidesvik døydde på Rogaland sjukehus i 1988 etter eit kort sjukeleie, 85 år gamal. Han var gravlagd på Lagård gravplass i Stavanger.

Helmer Eidesvik var rake motsetning. Han var mest interessert i båtar og bilar. Motorar vart lidenskapen hans, eller kort sagt var interessa hans alt som gjekk rundt. Ei stund var han læregut på verkstaden til Julius Sørensen i Espevær.

Helmer begynte å kjøre varebil for bakar Johannessen. Han kjørte også for Mathisen i Mølstrevåg. Men det var nok drosjesjåfør han ville bli. Han skaffa seg ein bil og begynte å kjøre drosje i Haugesund i 1920. Han var også medeigar og sjåfør på Bybussen. Det var drosjesjåførane som eigde denne bussen.

Under krigen hadde han ein bil som vart gøymd under høyet i løa til Anton Kallevåg. Den var gøymd der for at tyskarane ikkje skulle få tak i den.

Helmer vart gift med Lilly Konstanse Marie Tuhne, Haugesund. Han hadde adoptivdottera Liv, som er gift og busett i Sveio.

Helmer budde i Haugesund heile sitt yrkesaktive liv. Han kjørte bil til han var mange og åtti år utan å ha laga ei skramme på ein einaste bil. Han kjøpte eit gammalt hus på Kallevåg som han begynte å reparere. Dette koselege huset vart heimen hans i alderdomen. Dottera, som budde i Sveio, søkte om plass til han på ein aldersheim der, og her vart Helmer til han døydde i 1989, 89 år gamal. Han vart gravlagd på Vår Frelsers Gravlund i Haugesund.

Eg minnest desse to brødrene med djup respekt.






*Peder Eidesvik*



*Peder, Per og Herdis Eidesvik*



*Helmer Eidesvik*



*Lilly, Peder og Herdis  
Eidesvik*



*Helmer, Peder, Herdis og Lilly Eidesvik*





*Dette fine biletet blei tatt av Leif Kristian Vorland frå helikopter under Kystsogedagane på Langevåg, laurdag den 27. august 2005*



# Vespestadhagen

*Skrivar: Kari Shetelig Hovland*

*Assistent: Sissel Hamre Dagsland*

Eit digert vanntårn er reist på en haug i Vespestadhagen. Det er bygd veg over myrane fram til denne haugen. Her oppeifrå kan du sjå langt vest over havet. Men sjølve Vespestadhagen ser du ikkje. For den er gøymd under høge, tette, myrke grantre og forvaksne brakebusker. Endå arbeid og leik her i heimehagen før har vore mykje av livet på garden.

Heile innmarka på Vespestad er stengd mot sør av harde, svarte bergryggjer. Berre gjennom Stora-le i aust og Litla-le lengre vest er her opning ut til Vespestadhagen. Denne heimehagen er innelukka mellom bratte haugar : Gardshaug, Stølshogjen og Vasshaugane. Lengst vest går grenselinja mot Kalavåg frå øvste Gardshaug og nedigjenom, tvert over Kalavågskjødno og vidare sørretter. Men inne i låglenda ligg tuver og småhaugar, derimellom djupe dalsøkkjer med botnlause myrar.

Jordboka segjer : Vespestad har ikkje skog, bønderne bruker torv og lyng til brennefang. - Då innmarka var utspadd for torv, fann bønderne store torvmyrar i heimehagen. Dei skifte torvmyrane seg imellom, soleis at kvart gardsbruk fekk rett for framtida til å spa torv på sin part.

## **Det nord-vestre gardsbruket, br.nr 4. 1920- åra.**

Ingeborg, f. 1913, er eldst av syskenflokk som kjem til verda i det store, nye våningshuset (bygt 1912, vest for det gamle fellestunet). Ho og systera Agnes, f. 1915 blir etterkvart med i arbeidet på garden.

Ingeborg fortel :

Ein fin vårdag, når jorda er fri for frost, går huslyden ut, tidleg etter frukost, til Vespestadhagen for å spa torv. Far sjølv, Arnt, har ein dugleg trespade med jarnsko. Kvinnfolka ber på greipar. Ingeborg har fått ei lett, lita tregreip. Dei går aust gjennom tunet, over søraustre naboen sin bø, opp gjennom Stora-le, og vidare sør til Slettene, der bruket har torvteigen sin. Far merkjer av eit passelegt myrstykkje. Her bassar han av grastorvet og hiver bassane unda, til han kjem ned til brennetorvet under. So spar han laust torver i firkanta ruter, bit for bit, som han lyfter på spaden og legg på ei greip i myrkanten. Arbeidslyden kjem borttil etter børt med kvar si greip. Herifrå lyt dei bera den våte torva opp på faste grasvollen og leggja den flat til turk («vodla torv»). Dette er tungt, og tar si tid. Medan ein berar er ute på vollen, står alt ein annan klar ved myrkanten. Når sola råkar Kristifjellet, går alle saman heim til middags og ei kvilestund, men dei er snart attende til dagsverket.

Når væta tar til å siga inn i torvskoren, byggjer far av torv ein vassbenk i vinkel for å stengja av sumpen og myravatnet på utsidene. Han står og vippar på vassbenken og spar laust



*Torvspading i Vespestadhagen. Johan Vespestad (seinare busett på Holme) og tenestejenta Emely. Foto frå Lars Vespestad.*

brennetorvene, djupare og djupare ned, han vil ha alt med. Men då kan vassbenken bresta av trykket, so vatnet fossar inn og fyller torvskoren, og han må slengja seg opp i full fart for å ikkje drukna.

Når sola skin gjennom Nonshaugskaret, kjem mor, Marie, med nonsmaten, lefse og potetkaker og kaffe. Kjelen har ho pakka i avisopapir for å halda på varmen. Alle set seg ved Nonshaugen ilag med naboane, og har ei koseleg pratetund.

I torvet ligg store, eldgamle røter, av eik og alm; dei må halast opp og leggjast på bakken. Snart står sola låg i vest, det er tid å slutta, og koma heim til kvelds. Kveldsmaten er klar. Men alle er so trette at dei somnar med grauten.

I åtte dagar driv huslyden på med torvspading. Deretter reiser far på fiske. Men arbeidet med torvet er ikkje gjort. Snart har sol og vind fått bassane turre nok til å krakkast. Koner og jenter tar økter i godveret, og krakkar torv. Dei set torvene to og to saman i ein spiss, so dei får luft og turker på undersida. Borna er med, dei spring og leiker seg, hoppar over tuvane, høyrer etter mekregauken og myr-rjupa, og finn reir med fine små egg. På slike dagar kan heile verda smila. Når torvene er turre nok, kan ein ta til å ruka. Då set ein to krakkar ( 4 torver) i hop, fleire utanpå desse, og ei flat torva på toppen. Det blir som ein stakk. Her står då ei mengd med stakkar burtover vollane.



*Nons ved Nonshaugen. Tollef Vespestad med barna Inger og Hans. Til høgre tenestejenta Emely. Foto frå Lars Vespestad.*

No grønkast det over dei lågare haugane, med fint, nytt gras. Rimeleg tid å sleppa kyrne. Dei stormar ut, ville og galne i vårsola. På veg til beite må dei passast med stokkar og skrik, so dei ikkje gjer skade på innmarkene. Vel innanfor Stora-le kan dei roa seg. I Vespestadhagen er samla kyr frå alle bruk, her er felles beite for heile garden.

Det er enno kalde netter. Dei to nordre bruk på garden har bygt kvar sin utefjos ved Kjødnamyro. Her kan kyrne lukkast inn i kulde eller ruskaver. Br.nr. 4 har 3 båsar, plass til 3 mjelkekyr. Dei får litt mat, blir mjelka om kvelden og tidleg neste morgon før dei sleppast ut. Men kviger og stutekalvar må vera ute og syta for seg sjøl.

Det blir dagleg arbeid å gå på stølen morgon og kveld. Ingeborg fylgjer ofte mor si, som ikkje liker å gå aleine. Marie ber mjelkeholken på ryggjen, og mjelkespann i nevane. Ingeborg ber beinamaten: mjøl og salt og saltsild. Kyrne står gjerne rett innanfor Stora-le og ventar. Men stundom er dei heilt aust i Krokjen. Ofte må ein leita lenge etter beista. Me står då på ein høgare haug og ropar: Fjellros, Kranså, Plomrei, koma no. Då svarar dei og kjem ruslande. Men er dei på hi sida av Vasshaugane, heilt nede på Jensaneset i Lønningsvatnet, blir det vanskelegt å finna dei, og tungt å bera mjelka opp den lange, bratte vegen. - Marie er sint når kyrne går og trækker i torvet, so krakkar og rukar blir liggjande i eit rot og søl, som må rettast opp att.

Bøndene har bygt kvar sine torvhus i Vespestadhagen. Br.nr. 4 sitt store torvhus står nede på sørsida av Stølshogjen. Det turre torvet blir sett inn i torvhuset. Etterkvart er her so fullt at Arnt må stengja døra. Til slutt står endå nokre rukar att, og må i hus like før slåtten. Far er ikkje heime. Marie kjenner seg vanhjulpen. Våger ho å senda Mathias, 10 år gamle guten, med hest og kjerre for å berga torvet inn? Jo, storesystera Ingeborg vil vera med og hjelpe. Bruno



er ein snill og roleg hest. Vel nøgde køyrer dei heimanfrå. Det går fint, heile vegen, gjennom Stora-le og sørover til Slettemyra. Kjerra med karmane blir meir enn full-lasta. Inn til torvhuset er døra stengd. Dei lyt slå hol i taket, og hiva torvene inn der. Kanskje må dei henta fleire lass. Men siste rest av det turre torvet køyrer dei heim til eldhuset. På grua her står alltid ei stor gryte med vatn og ei brennande torva under for å halda vatnet varmt. Og til bakster krevst det sterkare varme under hella, mykje torv og lyng. Her skal vera rikelegt med brennefang.

Når hesten og kjerra bala i slåttan, og det var tomt for torv heime, måtte naudsynt hustorv berast heim. Ingeborg og Agnes bar ofte heim torv på ryggjen i store sekkar. Når dei gjekk gjennom tunet på br. nr. 3, kom Lisa ut i døra og skjente og ropte at det var for gale at jentene bar så tungt.

### 1930-åra.

Agathe, f. 1924, er yngst av døtrene i huset. Snart var litla jenta med dei andre på torvarbeid i Vespestadhagen.

Agathe fortel:

Agathe var småjente då Ingeborg og Agnes blei konfirmerte. Dei fekk seg tjeneste, og flytte heimefrå. Etterkvart tok systrene over, Gerda, f. 1920, og Ågot, f. 1922, medan dei gjekk på skulen.

Torvarbeidet blei ordna soleis at når skulen slutta midt på dagen, gjekk skuleborna heim og åt middag. Deretter løyste dei av i torvmyra, so arbeidslyden der fekk gå heim til middagsmat.

Når kyrne fyrst var sleppte, blei dei henta heim om kvelden, mjelka heime kveld og morgon, til det blei varmt nok, so dei kunne liggja ute om natta. I utefjosen sto då båsane tome, og arbeidsfolket hadde torv i utefjosen.

Gardbrukarane hadde gått ilag om å veita ut Kjødnamyro. Dei kom då ned til ei stor strekkja med fast, fin brennetorv. Dei blei samde om å skifta myra seg imellom til torvspading, med ein part til kvart bruk. Her var torvene tette og harde, dei kaltest steintorv eller koltorv, og brann vel og

lenge. Dette beste torvet skulle ein alltid bruka heime i stova, det sto torv i ein kasse attmed omnen.

Jentene fekk eit stritt arbeid i det store torvhuset. Her hadde torvet berre vore kasta inn, og lå i store dungjar. Det måtte ordnast, setjast opp lag på lag i faste stabbar, med gang imellom for å koma fram. Etter ein lang dag i torvhuset verkte jentene i rygg og armar.

Men alle så fram til samlagsdagen i Vespestadhagen, då sundagsskulen slutta før sommaren. Då var heile hopen med, skuleborn, lærarar, foreldre, venar, sat saman på den livde hallebakken, åt sundagsnista: lefse og pannekaker. Jørgen i telefonen og Nils Olson i krambua, dei to som styrte med sundagsskulen, kom med ein diger, blank kaffekjel. Alle fekk kaffe, og alle song, song om våren og fuglane, om Gud og fedrelandet og kjærleiken.

Før Jonsok sank ungane inn filler og skrot, sunde og ubrukelege saker, røter, lyng og brake, til



*Nils Olson og Jørgen Hovland på Zahlahuset*

bålet. Dei bygde bålet på toppen av Stølshogjen. Jonsok kvelden kom folket frå Vespestad og Voll og sette seg heroppe. Litt og litt så dei bål bli tende på haugar og fjell i bygda, ja over i Sveio på hi sida Bømlafjorden. Då sette dei fyr på sitt eige bål, ein veldig sprutande eld i natta. Ungane song og dansa i ring kring bålet. Fagert er landet.



*Søndagsskule i Vespestadhagen ca 1930.*

*1 Lilly Holme, 2 Gabrielle (Elle) Kallevåg, 3 Ingeborg Kallevåg, 4 Anton Kallevåg, 5 Cecilie Vestvik, 6 Mary Kallevåg, 7 Judit Kallevåg, 8 Johanna Kallevåg, 9 Nora Kallevåg, 10 Inger Kallevåg, 11 Erna Kallevåg, 12 Dorteia Kallevåg, 13 Anny Toft, 14 Borghild Kallevåg, 15 Kristine Toft, 16 Andrea Kallevåg. Foto frå Johanna Aga.*

### **Det nordaustre gardsbruket, br.nr.1. 1940-åra.**

Johan, f.1934, var ikkje store gutungen då han fekk vera med far sin, Tollef, som skulle spa torv i Vespestadhagen. Endå gildare blei det å fylgja mora, Bertine, på stølen. Når ho sat og mjelka, fekk borna ein sprut av den varme mjelka rett frå juret i munnen, det smakte godt.

Johan fortel:

So snart ein var stor nok til å bera torv på greip, blei ein rekna med til arbeidslyden. Br.nr.1 spadde torv i Svartamyro, til gjerdet mot Lønning. Når torvene var turre, blei dei stuva inn

under ein heller i Astrid-varden. Br.nr.1 hadde ikkje torvhus i Vespestadhagen. Dei brukte aldri å ha torv i utefjosen. Heime i tunet bygde dei ein sval atti verkstادهuset til torvet, dei hadde og noko torv i løa. Torvet som lå samla under Astrid-varden, kørde dei heim med hest og kjerra.

I 1941 rømde mange av dei unge gutane til Shetland, og var burte under heile krigen. Då måtte kvinnfolk og born og gamlekarar hjelpast åt med jordarbeidet. Tidleg fekk Johan, med storesystrene Inger og Kristine, køyra heim torv frå Astrid-varden. Det gjorde dei etter slått. Då bles her støtt ein iskald nordavind, verst gjennom

Stora-le, sand og torvusk fauk i augo på hest og køyrekar. Rektig «ein møkkajobb».

Dei 6 hestane på Vespestad var i Dyrnes tidlegt om sommaren, før slåttan. Etter slåttan kom kyrne heim, og beitte på innmarka. Då blei hestane sleppte i Vespestadhagen. Her levde dei fritt, saman i flokk, sprang villt ikring alle vegar, lå og velte seg, og kunne njota livet.

Ein morgon vekttest garden av det høge ropet: «Hesten har gått seg ned i myro.» Då kom dei, alle mann, i full fart, berande på spadar, tau og plank. Ja, der sto den store, svarte hesten fast, og kunne ikkje røra seg, berre hovet stakk opp av torvskoren. Lenge stridde dei ilag, alle mann, dei fekk skuva bord og plankar inn under føtene på hesten, og binda sterke tau kring skrotten, og tala

vent til dei rædde augo hans.

«Å ta i; Hal i og dra!» Ja, der kom hesten endeleg opp, sto på føtene og riste seg, og sprang sin veg. Ut i 1950 kom her straum og ljøs til garden. Folk fekk pengar til å kjøpa kol og koks. «Aldri meir i torvmyro» seier gutane. Kvinnfolka minnest den sure, gode torvlukta. Borna sakna den gule, mjuke torvoska til leikestovene sine.

Då Johan kom heim som styrmann på store skip over alle hav, såg han seg arg på den skeive gamle utefjosen. han fekk far sin med på å riva den gamle skiten. Det blei slett ikkje lett. Veggene var bygde av tjukt, hardt tømmer, skrudd ihop av trenaglar. Då alt låg i grus, sette dei fyr på det. Eit sprakande, flammande bål var siste helsing frå den gamle tida.


## Før og no



Det har skjedd store endringar i Bømmehamn dei siste åra.

Det øverste biletet frå rundt 1900 syner bua og ein del engelskmenn, gamle fiskebåtar heimehøyrende i Bømmehamn.

Det nederste biletet syner til høgre huset som Lauritz Eidesvik kjøpte og bygde om. Til venstre ser ein det store naustet som han var i ferd med å reisa før han brått døydde i desember 2002.





# Turstiar på Søre Bømlo

*Ved Liv Olson*

Bømlo Tur- og Sogelag har ansvar for 10 turstiar på Søre Bømlo. Mykje av ansvaret er delegert til lærarar og elevar ved Hillestveit skule. Frå 1997 har det eksistert ei adopsjonsordning som går ut på at klassane 1. - 10. har ansvar for ein sti kvart år. I løpet av skuletida si har dei då blitt kjende med alle stiane, og hjelpt til med rydding og merking. Me håpar dette medverkar til at dei blir glade i naturen og opplever sti-vandring som god mosjon og rekreasjon.

Det overordna ansvaret for stiane er lagt til ei sti-nemnd på 3 medlemmer. Spørsmål om t.d. omlegging av stiar, merking av nye o.a. blir teke opp med styret i laget.

I samband med FRILUFTSLIVETS ÅR 2005 har Bømlo Tur- og Sogelag engasjert seg på fleire område:

Ein representant frå sti-nemnda har delteke i ein komite som no har "nesten-ferdig" utarbeidd eit **turkart for Bømlo kommune**. Det skal gå i trykken ved nyttårstider. Arbeidet har m.a. gått ut på å gå opp stiane, plotta dei inn på kart, føra opp turmål, lesa korrektur på namn m.m. Det viser seg at Bømlo har mange interessante turstiar, som det no vil vera mogeleg å finna startplassen til. Dei merkte og umerkte stiane vil få kvar si markering på kartet. Her i Søre Bømlo vil desse umerkte stiane koma med:

1. Vika - Dyrneset - Sætre - Sætre dalen - Vika
2. Holme - Vestre Vika
3. Hovlandshagen - Luten
4. Sti til Kyrkjefjellet

I samarbeid med ein tysk datastudent, som hospiterte her i Bømlo sist vår / sommar, har

det endeleg lukkast å få laga ein **fargebrosjyre over turstiane** til laget. Ho gjorde ein svært god jobb med å få fram klare sti-markeringar på kartet, tydeleg tekst og nydeleg design. Brosjyren er gratis, og fins i utstillingshyllene på Bygdatunet, i Bømlo Sparebank og på Bømlo Rådhus.

Ein annan type marknadsføring kan ein få til om ein får **folk med ut på tur**. Dette er blitt



*Istransportert flyttblokk på stien mellom Skippervik og Dyrnes*  
*Foto: B. E. Vika*



*På Storatre mellom Dyrnes og Sætre.*  
*Foto: Leif Kristian Vorland*



*Ved Sætrehilleren.*

*Frå venstre: Bernt Emil Vika, Rolf Magne Skippervik, Liv Olson.*

*Foto: Leif Kristian Vorland*

gjort i eigen regi og saman med andre lag og organisasjonar. Den årvisse turen Bergehuset - Bergeseidet, vart avvikla i nydeleg vårver i påskehelga. Frammøtet var utruleg godt, tippa til ca 170 – 180 personar, med stort og smått. Ein glytt innom Bergehuset etter turen var populært for mange. Det såg ut til at kaffi, saft, vaflar m.m. smakte godt.

På tidlegsummaren, 19. juni, stilte laget opp saman med turleiarar frå Norsk Botanisk Forening for å feira villblomstens dag. Turen gjekk Hovlandshagen - Luten, og framføtet var overveldande, mellom 60 – 70 personar, blei det tippa.. At veret overraska med ”slåvatn” i rastepausen ved Bømlafjorden, var sjølvstakt skuffande, men kommentarar som; ”her vil eg tilbake ein gong!”, var oppløftande å høyra.

Bømlø er ein av 9 kommunar i Hordaland som har såkalla Nordsjøløyper. Fire av Bømlø Tur- og Sogelag sine stiar høyrer inn under desse. I den nye tursti-brosjyren er dei avmerkt med logoen N. Ute i naturen er dei merkte med blått og raudt.

I to år på rad har Bømlø kommune i samarbeid med Kulturlandskapsenteret i Hordaland fylke, arrangert ein Nordsjøløypedag. Bømlø Tur- og Sogelag har teke på seg leiing av turane. I år gjekk turen 4. sept. i umerkt løype Vika

– Dyrneset – Sætre, vidare i merkt løype Roaldsfjorden – Vikasletta, med stopp og orientering om Dyrnes Lykt og funnstaden Sætrehilleren. Det var godt framføte, over 40 deltakarar, både born og vaksne, og god tilslutning frå ulike stader i kommunen.

Siste året har ein av stiane, Andal – Bergeseidet, blitt **lagt om med ny trase`** for deler av turen. Det gjeld strekninga Tollevik – Bergeseidet. Hovudgrunnen til omlegginga var at me ville leggja stien om ”Hålo”, ein gamal fråflytta buplass. Bømlø Bygdebok Bind III fortel ei interessant historie

om ei enkje som budde der åleine med borna sine i mange år. Den nye traseèn går vidare i tørrare terreng enn tidlegare, nærmare Bømlafjorden. Turen kan sjølvstakt fylgja ny trase` fram, og den gamle stien tilbake – om ein vil ha ei rundløype.

### **Til brukarar av stiane !**

Det ville vera fint å få tilbakemeldingar om korleis de opplever stiane: Noko som manglar? Ikkje god nok merking ? Gode råd? Andre ynskje?

Om nokon ynskjer å hjelpa til med arbeidet, vil me vera svært takksame for det!

**GOD TUR !**



# Eit 150-års minne

*Ved Bernt Emil Vika*

I 1852 søkte Stavanger sjømannsforening departementet om å få setja opp eit lite innseglingsfyr til Langevåg. Søknaden vart innvilga, og ein sum på 450 spesidalar vart sett av til formålet. Litlableikjo vart utpeikt som lokalisering for fyret og i 1855 vart det sett opp eit lite fyrhus her på 4,4 x 3,1 m. Det vart installert eit sideralapparat med lyskarakter fast kvitt. Høgda på lyset var 5,4 m over høgvatn.

Namnet på holmen, slik det vart uttalt her lokalt, var ikkje godt nok for administrasjonen i departementet, difor vart fyret kalla "*Lille Blegen*". Holmen vart bygsla for 12 spesidalar ein gong for alle. Fyret vart tent den 16.12.1855, altså for temmeleg nøyaktig 150 år sidan.

Fyrhuset var primitivt, og i 1859 skriv fyrvaktaren "*at det er vanskelig at holde Fyret i sin ordentlige Brending i Storm p.g.a. at Væggene er saa aapne*".

Fyrvaktaren fekk ei årsløn på 120 spesidalar . Denne vart i 1868 heva til 150. I 1870 vart det gitt eit tillegg på 30 spesidalar for "*avsavn av bolig*".

I 1878 fekk fyret eit 6. ordens linseapparat som tidlegare hadde stått i Langøytingen fyr. Dette erstatta det gamle sideralapparatet. I 1879 vart det sett opp eit nytt lyktehus.

I 1888 foreslo fyrdirektøren at fyret burde leggjast ned og erstattast av ei fyrlykt utan stadig vakthald. Fyrvaktaren vart oppfordra til å slutta i stillinga si og søkja annan stilling. Han var då 60 år gammal, men kunne ikkje tenkja seg dette.



*Fyrlykta på Litlableikjo slik den ser ut i dag.*

*Foto: B. E. Vika*

Forandringa frå fyr til fyrlykt vart difor utsett.

8 år seinare, i 1896, søkte fyrvaktaren om avskjed, og fyret vart nedlagt. Fyrhuset vart rive og sett opp i Småholmane i Vestvik. Ei ny fyrlykt vart sett opp i staden. Lyskjelda var ein parafinbrennar som vart forsterka gjennom linsene.

I dag er fyrlykta elektrisk driven. Ein halogenlampe vert styrt av eit elektronisk karakterverk, og ei fotocelle syter for at lykta berre er i drift i mørkret.

Etter at moloen mellom Kråketangen og Litlableikjo vart bygd, er det få eller ingen spor igjen etter det gamle fyrhuset.

Kjelde:

Birger Bjørkhaug og Sven Poulsen  
Noregs Fyr, bind 1  
Fra Svenskekysten til Stad  
Grøndal 1986



# Mortehulsmyrren / Hålo

*Ved Liv Olson*

## SLEKTSTAVLE

### I

Erik Sjursen & 1) Gyri Larsdtr. Urenes  
(f.1803, d.1894) (f.1803, d.1856)

Born:

Aslak f.1826

Anna Severine f.1830

Sjur f.1841

.....  
Erik Sjursen & 2) Kari Knutsdtr. Otterøy  
(g.1860) (f.1828, d.1898)

Born:

II Aseline Regine Eriksdtr. & Knut Eriksen Barane  
(f.1867, d.1927) (f.1865, d.1894)

Born:

Karoline f.1892 (& Martin Larsen Våge, Bremnes)

Erik f.1893

Klara f.1894 (& Klaus Johnsen, Tønsvik, Nordland)

Olava Marie f.1903 (& Vats, Oslo)

### III

Sonen Erik Knutsen & Frida Johnsen, Tønsvik, f.1898

Born:

Knut f.1922 (Ringerike)

Sigfred f.1924 (USA)

Fridtjof f.1926 (Oslo)

Astrid f.1927 (& Eivind Ekaas, Kristiansand)

Øigun f.1930 (& Einar Svenning, Kristiansand)

Leif f.1931 (& Judith Tollevik, f.1932) Søgne

Festesetel tinglyst for Erik Sjursen 06.10. 1875

Bygselbrev tinglyst for Aseline Eriksdtr. 28.09.1900

## FOLKET I HÅLO

Hålo er ein gammal fråflytta buplass like nord for Tollevik på Søre Bømlo. I dag går ein av Bømlo Tur og Sogelag sine turstiar innom denne plassen på veg mellom Andal og Bergeseidet. For om lag to år sidan vart eg gjort merksam på at Hålo fanst, og at den er beskriven i Bømlo

Bygdebok Bind III v/ Kari Shetelig Hovland.

Ein dag i februar 2004 blei eg vist vegen dit, og vart frå første stund gripen av omgjevnadene. Det var frost i marka, ein fjellrygg stengde for varme frå sola. Korleis hadde folk greidd å brødfø seg på

denne staden, tenkte eg. Interesse var vekt for å finna ut meir om staden og folka som budde der.

Det var historia om enkja Aseline som opptok meg mest i bytjinga, men sidan fekk eg og augene opp for den trauste, sterke faren, Erik,



*Brudebilete av Aseline og Knut*



*Biletet syner Aseline, kledd i svart i midten. Mannen bakerst er sonen Erik. Kona hans, Frida, står til høgre, med stor kvit hatt. Den unge kvinna til venstre er Olava Marie.*

nyrydningsmannen til Morte hulsmýren.

Av slektstavla ovanfor går det fram at han var gift to gonger, først med Gyri Larsdtr. Urenes. Dei hadde 3 born saman. Ho døydde i ein alder av 53 år.

Fire år seinare, då borna var framvaksne, gifte han seg med Kari Knutsdtr. Otterøy. Ho hadde tent på Andal nokre år. Aldersforskjellen var ganske stor; han 57 og kona 32. Det gjekk sju år før dei fekk ei dotter, Aseline Regine, 2.generasjon til Hålo.

I Bømlo Bygdebok er det fortalt at Erik flytta stova si

*...til den lune dalen oppfor Morte holo, her braut han stein og rудde ny jord; løe bygde han nedmed sjøen, og mura naust og to smalehus av store steinar; stova med eplehage, eldhuset og fjøset sto oppunder berget på nordsida.*

Først i 1875 blei det tinglyst festesetel frå oppsitjarane på garden Hovland til Erik Sjørursen på ”Plads Morte hulsmýren”. Då var han 72 år. Han fekk leva i endå 9 år på bruket.

Det står respekt av kva denne mannen fekk utretta, i ei tid då det var få og enkle reiskapar å hjelpa seg med. Dei gamle grunnmurane og steingardane i Hålo talar for seg.

Aseline blei gift med Knut Eriksen Barane, frå Barane nordanfor Hjartnes. Dei fekk 3 born saman før han døydde, svært ung, av difteri i 1894. Same veka døydde svigerfaren, Erik, og dei to blei gravlagde same dag. Aseline, gravid med det tredje barnet, blei åleine igjen i Hålo med mor si og to små.

Korleis kunne dei klara seg der åleine, kan me undrast. Mora, Kari, hjalpte nok til, men ho døydde 4 år seinare. Då vart det opp til Aseline, 30 år gamal, å styra med alt; borna, husarbeid, husdyrhald, gardsdrift, fiske,

handel og vandel.

*...hu hadde 2 kyr, 2 kalvar og ein smaleflokk, havre og poteter. Alt laut berast på ryggen, tunge bærer med hevd på åkrane, eller med torv og anna frå skogen. Aseline balte med allslags fiske, hu hadde sildegarn, morteglip, teiner og snøre. Hu rodde til Zalahuset med det hu hadde å selja. Kvart år rodde hu fleire vender sør til Eltravåg med sauer, som gjekk der på sommarbeite.*

28.09.1900 vart det tinglyst bygselbrev til Aseline på plass "Mortehulsmysten".

Ho levde i pakt med naturen.

Det vart sagt at ho var "verspak", kunne lya og sjå, "han hildrar" og "han dregje", sa ho, vermerke ho tok varsel av.

I 1903 fekk Aseline ei dotter, Olava Marie. Det vert fortalt at ein anleggsarbeidar budde ei tid i Hålo. Aseline blei gravid og dei skulle gifta seg, men karen stakk av. Med barn utanfor ekteskap "kom ein i ulukka" i dei dagar, men Aseline blei respektert trass uhellet, vert det sagt.

Ho hadde gått i vevlære i Haugesund i sin ungdom. Dette må ho ha praktisert heime i stova, for i heimanfygje fekk alle dei 4 borna med seg nye kvitlar og åklæde i tillegg til både ku og sau. Det er eit langt stykke arbeid frå klipping av sauen, karding av ulla, spinning av tråden, til veven står ferdig i vevstolen. Om ho også kunne med å farga tråden, veit me ikkje. Eit av barneborna har fortalt at ho hugsar dei hadde eit åkle i grått og kvitt over senga då dei budde i Hålo.

Det var ei driftig dame. I 1912 reiv ho stovehuset og bygde nytt. Då var dei eldste borna framvaksne, 18 – 20 år, og yngste-dottera 9. Erik hadde hatt hyre til sjøs alt som 15-åring, for å hjelpa mor si, og det var og han som hjelpte ho å byggja nyhuset.

I ei vanskeleg periode hadde Aseline sett seg nøydd til å be om hjelp på fattigkassa. Og det



*Kvinna til høgre i båten er Aseline. Dei er på veg heim frå Eltravåg med sauene.*

fekk ho, men det var ein tung veg å gå. Då sonen kom heim frå sjøen med pengar til mora, gjekk ho tilbake til fattigkassa og betalte lånet. Ho var for stolt til å vera avhengig av andre, ville klara seg sjølv!


Då Aseline døydde, 60 år gammal, i 1927, kom Erik med familie heim og overtok plassen.

Erik og Frida, med sine 6 born, blei 3. og siste generasjon som budde i Hålo. Først budde dei bortimot eitt år på Hjartnesplass. Då var berre eldsteguten, Knut, fødd. Men Frida vantrivdes svært der i einsemda, med mannen ute på fiske. Sidan slo dei seg ned i Nord Norge, der Frida kom frå. Ei tid budde dei og i Mehamn, Finnmark.

Men då mora, Aseline, blei sjukeleg, drog dei sørover. Ein hurtigrutetur langs kysten med småborn i dei dagar var neppe nokon lysttur. Ein kan undrast korleis dei fekk ordna seg med stell og bleieskift, - men det seier soga ingenting om.

Yngste dottera, Øigun, har gitt ein del interessante tilbakeglimt til livet i Hålo, slik ho hugsar det. Ho var 5 1/2 år då dei flytta derifrå. Ho fortel at faren var på sjøen for det meste, men når han endeleg kom heim, var det stor stas å få sitja på fanget hans. "Mor hadde ikkje fang stort nok til oss alle seks," fortel ho.





*Frida foran hovedhuset, saman med borna Øigun, Fridjof, Sigfred, Astrid og Leif. Kanskje Knut er fotograf?  
Innanfor næraste hjørne var den raudmalte stova. Kjøkkenet var til venstre, og eldhuset låg til venstre for huset.*



*Øigun fortel: Mor Frida med 5 av ungene. Fra venstre Fridtjof, Sigfred, Leif, Øigun og Astrid. Guttene har gråmelerte pullover med en smal mørk grå og mørk rød stripe rundt hals og ermeåpning. Jentene har grønn og brunrutede kjoler med litt grått i. Over hadde vi blå forklær. Forklærene ble brukt til det ikke var mer å lappe på. Kjolene ble senere sydd sammen til en kjole til meg.  
Til venstre på bildet ser du eldhuset.*

Og alle måtte arbeida, luka ugras, henta vedkvistar frå skogen o.a. Dei hadde ikkje lov til å gå til sjøen åleine. Men ho hadde vore med og prøvd å fiska med morteglip.

Det fins eit litt bratt skråberg ved stranda ned mot ei ganske djup hole, Mortahola. Der dreiv dei morteglip-fiske utan å måtta gå i båt. Det forklarar nok mysteriet kvifor dette plassen fekk namnet Morte hulsmynen.

Ho hugsar med stor glede tilbake på måltida

med lettsalta, nykokt mort og potetstappe til. Kanskje var det løk i stappen, seier ho, men ikkje andre grønnsaker. Men at dei hadde eplefrukt veit me. Det hadde oldefar Erik sytt for. Og endå kan ein sjå restar av gamle, mosegrodde epletre i tunet. Dei hadde ein brønn på plassen, stor nok til vanleg hushald for folk og dyr. Men når dei skulle ha stor-klevask, rodde dei til Bergeseidet og vaska i elva der. Der var det rikeleg med vatn. Det var kjekke turar, minnest ho.

ØIGUN fortel .....Minner fra barndommen, tidlig barndom.

*Husker fredagskveldene om høsten og vinteren. Mor var Syvendedags Adventist, og helga begynte fredag når sola gikk ned. Stua var malt i en spesiell rødfarge. Som blåbær suppe med ørlite melk i! Vi hadde jo ikke elektrisk lys, og parafinen skulle det spares på, så vi hadde bare lyset fra det åpne trekkhullet i ovnen. Mor tok fram gitaren, og alle 6 ungene og mor sang – ja da var det så koselig at tærne krøllet seg i lestene. (sokkene)*

*Husker at vi hadde ikke lov å gå opp i haugen ovenfor huset. Den var litt bratt og fryktelig langt ned til vannkanten. Men en dag fant vi, Astrid, Øigun og Leif ut at vi skulle gå opp, trass i trusler om ris. Vi gikk veldig forsiktig, og sa til hverandre at vi måtte ikke ramle utfor! Og det gjorde vi ikke heller! Gikk ned til mor og sa at nå hadde vi vært oppe i haugen, og vi hadde ikke ramla utfor! Stolte som haner! Så fikk vi ris, alle tre, og jeg kunne ikke forstå hvorfor vi fikk ris når vi ikke hadde ramla! Oppe på haugen vokste det forresten blåbær som manglet det blå-grå belegget. Dronningbær, kalte vi dem. De var sorte.*

*Forresten så var der en aure i brønnen. Det var vel en form for løs forsikring. Både doen og fjøset lå ovenfor brønnen. Hvis auren døde, så var det noe galt med vannet.*

Då familien forlet Hålo i 1935, reiste dei til Ålo på Sørlandet, ca 3 mil vest for Kristiansand. Dei kom til ein liknande buplass der; tronge kår, hus utan innlagt straum og vatn, og med far i arbeid ute på sjøen. I dag er dette ein draume-ferieplass. Familien har opp gjennom åra møtt kvarandre der og kost seg i lag med bade- og båtliv. Judith og Leif har overteke det gamle huset no, og held det vedlike. Dei tre yngste lever framleis, og bur i Kristiansandsområdet.

Aseline fekk i alt 15 barneborn etter seg; Karoline fekk 6, Erik 6 og Klara 3, Olava hadde ingen born. Ho blei gift på sine eldre dagar. Ho jobba som kokk i ein skipsreiarfamilie i Oslo, ei dame med sjarm og godt humør, blir det fortalt. Vestlandsdialekten sin heldt ho på heilt til det siste. Ho blei over 80 år.

Det blei halde auksjon i Hålo i 1935. Våningshuset, som Erik hadde vore med og bygt, blei selt til Johannes Strand. Det blei rive og frakta til Sevland på Karmøy, og blei til hus for ei søster hans der. Johannes Lønning kjøpte lòa. Den blei ståande i Hålo, og tente til oppbevaring av høy i mange år.

Bøndene på Hovland eigde Hålo i lag. Dei slo seg saman, rodde dit, og gjorde høynn etter at dei var ferdige med heimeslåttan. Karane slo grasen og sette opp hesjar. Kvinnene hesja, eller breidde, snudde og sette høyet i såter, alt etter kva tørkever dei hadde. Og ungane var med. Under kvila likte dei å gjera fant, er det fortalt. I matpausane hadde karane mange kvasse diskusjonar, men når dei pakka saman og reiste heimatt, var dei beste vener, som før. Dei rodde, eller segla når det var høveleg vind.

Utpå hausten reiste dei endå ein

tur til Hålo, for å henta heim vinterforet. Dei pakka høyet i sekker, vog det og delte mellom seg. Då brukte dei vanlegvis ein litt større båt.

Slåtten i Hålo var "årets høydepunkt". Syskenborn kom heim då, for å få vera med. "Me hadde det verkeleg kjekt", seier ein som sjølv har opplevd sommarparadiset Hålo.

### **OVERSYN OVER HUSTUFTER, STEINGARDAR m.m.**

Det har vore interessant å gå omkring i Hålo mellom murane som står igjen, og undrast på kva hus mon tru har dette vore? Nausttomta i "Aselinevika" er det sjølv sagt ikkje tvil om. Men no har me vore så heldige å få Øigun Svenning til å plassera dei ulike husa på kart, slik ho hugsar at dei stod. Sikrare opplysningar kan me vel ikkje få!

Om heimehuset fortel ho; "Det var sånt et nydelig hus", og det kan me sjå sjølve når me studerer eit av bileta ho har sendt oss. Huset hadde kjellar, 1. etg. med 2 små stover, eit stort spiskammer og kjøkken. I 2. etg var det 2 rom og kammers. Ei spesielt fin trapp, med sving, gjekk opp til 2. etg.

Kjelder:  
Bømlo Bygdebok Bind III  
v/ Kari Shetelig Hovland

Telefon-intervju med:  
Ingvald Hovland  
Øigun Svenning



*Takk til Øigun!*



*Kartet viser:*

*1 Hus, 2 eldhus, 3 fjøs, 4 lõe, 5 sauefjøs, 6 naust,  
7 Mortehola, 8 Myra*



# Førstereis med M/K “Normann”

*Ved Berge Olson*

”Normann” var ein engelskbygd slupp. Båten var bygd i eik, og var opphavelig ein seglkutter. Engelskmennene bygde mange av desse båtane, som dei i hovudsak brukte til fiske i Nordatlanteren og på nordsjøbankane. Desse seglfartøya var i størrelsen frå 50 fot og opp til ca. 70 fot. Båten vart bygd i 1888, og fekk då døypenamnet ”Ciama”. Frå 1925 til 1949 var heimebasen til båten inst inne i Langevåg. ”Normann” var 56,8 fot lang, 16,1 fot brei og djupgåande var 7,4 fot. I maskinrommet stod ein 40 HK. Wichmann. Desse engelskbygde sluppene var svært lettseilte og stabile båtar som kunne vera på havet i nærsagt allslags ver.



*M/K “Normann” i Kåso. M/K “Norsemann” ligg innanfor.  
Foto frå Leif Eidesvik*

Etter at damp- og motorskip avløyste desse seglfartøya i England, vart dei selt billig til fiskarar i nordsjølanda. Fiskarar frå Vestlandet kjøpte mange av desse fartøya. Dei eg hugsar godt var: ”STURLASON” og ”HARALDSON” frå Bømmelhamn, ”SUCCEED”, ”CHALLENGER” og ”BLUE BELL” frå Espevær og ”PETO”, ”YOUNG JACK”, ”DAISY” og ”NORMANN” frå Langevåg.

Desse båtane blei i førstninga brukt til makrelldorging i Nordsjøen. Seinare fekk dei installert motor (40 – 50 – og 60 HK Rubb). Dei blei då brukt på drivgarn- og snurpefiske om vinteren, og i fraktfart elles om året. Dei største av desse båtane var også på sildefiske ved Island.

Då desse fartøya fekk installert motor, oppførte dei seg onnorleis i sjøen enn andre båtar. På grunn av båtforma lyfte dei seg ikkje så mykje for kvar bølgetopp når dei var lasta, men pløyde gjennom bølgene, mest som ein undervannsbåt.

Då eg var 13 år og 8 mndr. fekk eg lov å vera med ”Normann” i fraktfart og i makrellfarten. Kristoffer Eidesvik var skipper, broren, Hans, var mas-

kinist, og eg var kokk og ”altmuligmann”.

Me starta opp ein fin junidag i Kåså, og gjekk ut til Ole Barane for å fylla diesel. Då Ola Barane la merke til meg, sa han til Kristofferen. ”Eg meina farr, den må tidleg krøkjast som god krok skal bli”.

Min første debut som middagslagar hadde eg på Jærhavet. Menyen var klippfisk, poteter, steikt flesk og løk. Men den gongen var suppa etter middagen omtrent like viktig. Det var havregrynssuppa den dagen! Heime hadde eg blitt fortalt at det gjorde seg med litt salt i slikt suppa. Salt var billig, og eg tok på meg ”spanderbuksene” og hadde ein god neve salt i suppa. Kristofferen var første mann ut til å eta middag, medan Hansen styrte. Middagen gjekk, for skipperen, ned i ein fei. Men så kom han til suppa. Han tok i full fart fleire skeier før han stoppa opp og sa : ”Kva slags svineri er dette?” og for bort til ”daggå” og spytta og spytta for å kvitta seg med noko av havregrynslaken eg hadde laga. Men suppa måtte Kristofferen ha før han løyste av Hansen ved roret. Då lærte Kristofferen meg å laga saftsuppa.

Etter ein langdryg og søvnlaus tur langs kysten, kunne me lossa makrellasta vår i Randøysund på Flekkarøy-nå. Kristofferen og Hansen fekk seg ein velfortent kvil i akterlugaren deira. (Eg hadde min lugar forut der bys-





*Kristoffer Eidesvik  
Foto frå Ada Vika*

sa var). Medan desse to karane kvilte, hadde det samla seg 3 – 4 ungjenter på kaien der me låg. Dei var nyfikne og interesserte i dialekten min.

Rett som det var kom Kristofferen opp på dekk og slengde ”småkaren” sin over rekka, mot kaien, der jentene og eg stod og drøste. Kommentaren frå Kristofferen i ettertid var ”Kvifor i all verden

skulle desse Flekkarøyjentene stilla seg på feil side av båten medan eg slo lens?”

På ein av turane sørover langs Jærkysten var det midnatt då me passerte Tananger. Hansen og eg kom då på vakt, og Kristofferen fekk seg 4 timars strekk i kahytta. Då me fekk auga på bøyen vestnordvest av Jæderens rev, ”slinga” Hansen seg på ein benk i bestikken, og sa at eg berre måtte purra han om det var noko.

Det er ikkje noko problem å segla langs Jæren og Lista, berre ein held seg langt nok frå land. Dette havstykket kan vera nokså ille i sterk pålandsvind, men denne juninatta var ”vergudane” heilt på vår side. Havet var som silke, og himmelen lys, med matte stjerner og måne som bleikna meir og meir, etterkvart som sola steig opp bakom Høgjærslandet i aust. Det er eit problem å halda seg vakjen nett i denne tida då det demra til dag.

Var det ikkje for sauer og kyr som beita heilt ned til fjøresteinane, kunne ein vera frista til å tru at jærgardane me segla forbi var fråflytta. Flytte eg synet mot vest, var der heller ingenting å sjå bortsett frå hav og himmel som møttest i synsrande. Inne i styrehuset kom eksosrøyret opp frå maskinrommet i eit hjørne, og derifrå opp gjennom styrehustaket. På vinterstid var dette ein fin varmeovn, men om sommaren blei det ofte for varmt.

Det var ikkje til å tenkja på å setja seg på styrekrakkjen. For å halda meg vakjen, gjekk eg 2 – 3 småsteg til høgre og til venstre, medan eg vekselvis med høgre og venstre neve heldt på ein av rorknaggane. Frå bestikken hørde eg av og til snorkelydar og litt småabbling,

men bank- bank lyden frå 40 – hestaren dempa lyden noko frå bestikken. No nerma klokka seg 3, og sola var i ferd med å sleikja grådig over m/k ”Ciama”, og eg hadde mi fulle hyre med å halda meg vaken. ”Ikkje sovna – ikkje sovna”, mumla eg for meg sjølv. Og for hundrede gong såg eg utover den søvndyssande silkeglatte havflata. Så,

som med eit trylleslag, såg eg ca. ei halv kabellengd på styrbord baug, eit inferno av damp og sjøsprut over den spegelblanke havflata. Ein grå masse kom etterkvart til syne. Eg bad til Vår Herre om at dette berre var innbilning. Likevel brølte eg til Hansen, som sov sødeleg. Hansen kom som ei kule ut i styrehuset, og slo av farten slik at me berre seig for sakte fart forover. Denne brå dempinga av motoren gjorde at Kristofferen kom som eit olja lyn frå kahytta, berre iført ei blågrå sidullunderbukse. Han rykte opp styrehusedøra og ropte : ”Kva i all videste verden er det de no finne på?” Me berre peikte på ein grå u-båt som passerte oss på kloss hald.

Randøysund var ein av dei mest sentrale mottaka for fersk makrell på den tida. Men den administrative sentralen var i Kristiansand. Det var store mengder makrell som vart oppfiska på sør- og vestlandet i ein lang periode, og mange båtar blei leigd til å frakta makrell både innan- og utanlands. Mange bølmlabåtar var med på dette i vår- og sommarsesongane. Dei aller største bølmlabåtane var som regel ikkje med, for dei var på Islandsfiske på denne tida av året.

Ein dag då me hadde lossa isa makrell i kassar i Randøysund, tok me som vanleg vegen inn til Kristiansand for å venta på ny ordre. På den tida hadde me ikkje eit einaste navigasjons – eller kommunikasjonsinstrument om bord utanom kompasset. På vegen inn til Kristiansand spylte Hansen reint i rommet. Spylepumpa var kopla til motoren. Me gjekk for sakte fart, for då vart det passeleg trykk på spylinga. Då Hansen var ferdig, skulle Kristofferen spyla dekket. Han bøygde seg ned mot romluka for å få tak i slangen. Eg som stod i styrehuset fall for fristelsen til å gjera dei eit lite



*Hans Eidesvik  
Foto frå Leif Eidesvik*

peik. I det overleveringa av slangen skulle skje, var eg snar til å auka turtalet på motoren. Dette resulterte i at vasstrykket auka monaleg. Hansen fekk ikkje kontroll over slangen som tok til å sveipa att og fram. Vasspruten stod opp luka, og traff Kristofferen fleire gonger. Han blei illstint og søkkjande våt, og ropte til Hansen: "Er du blitt heilt spik sprettande galen no?" Hendelsen blei aldri kommentert etterpå. Men eg tykte eg såg eit aldri så lite lurt glimt i augo til Kristofferen etter at han hadde fått på seg tørre kler.

Ein tidleg sommarkveld sat eg på ein pullert på kaien i havnebassenget i Arendal og nytte båtlivet og utsikten over havna. Ved denne kaia låg det ein tilårskomen nordsjølastebåt. Om bord i båten hang to "sjøulkar" ved rekka og speida innover kaien. Rett som det var veivla den eine med armane, og så den andre. Eg trudde først det var meg dei ville ha kontakt med, men oppdaga snart ei jente koma trippande med stø kurs utover kaien. Ho nikka og smilte kjekt til meg, passerte, og sveiv i voggande og vrikkande takt opp fallrepet til dei to forslukne og underærnærte slaskane som straks saug tak i henne, og reiv og sleit til kvar sin kant medan dei ropte: "Eg såg henne først!" "Nei, eg såg henne først!" Dei for bannande og bråkande til lugarane under midtskipet. Det roa seg snart, og eg rusla innover mot sentrum medan eg tenkte at ho var då altfor ung for å vera i verdens eldste yrke. Det var første gong eg såg ei jente som dreiv denne gesjeften.

Eg gjekk på kino, det også for første gong. Det var ein nifs film. Så det følte seg trygt og godt å koma om bord i "Normann" -- til Hansen og Kristofferen.

Etter ein strabasiøs tur frå Bergen, låg me i Oslo ved Vippetangen og lossa stykkgoods. Me gledde oss til å få lasta på land slik at me kunne få ta igjen noko søvn. Men før me hadde fått lossa ferdig, fekk me tilbud om ei last med harpiks (i store tretønner) og rujern til Stavanger. Det måtte me jo sjølsagt takka ja til.

Under innlastinga kom to lasaronar om bord til meg og ville ha blåsprit i bytte med vanleg brennevin. Grunngevinga deira for ein slik byttehandel var at dei syntest blåspriten smaka mykje betre, og var mykje drygare. Me hadde ein dunk blåsprit om bord som eg brukte til å varma opp primusen med, men tok ikkje sjansen på ein slik byttehandel.

I solrenninga neste morgon, var me ferdig innlasta og

stuptrøytt. Kristofferen sa at om eg berre kunne laga ein kaffitår, skulle me ta oss nokre timars søvn, før me fyrte opp "Rubben". Kaffikjelen kom på i ein fart, og eg sette meg ned for å venta på at vatnet skulle koka. Eg må ha dorma av, for eg skvatt til då primusen freste og slokna p.g.a. kaffivatnet som kokte over.

Då me søvndrukne, stive og støle, hadde kara oss opp på dekk for å gjera oss klar til avgang sa Kristofferen plutseleg: "Me løyser ikkje tamp før me har vore i land og hatt oss middag. Eg spanderer!" Hansen måtte ha fått eit lettare sjokk då han hørde dette utrulege, for den nytende rullusen datt ut or munnen hans og ned på dekket. Eg vart skikkeleg vakjen og glad, for no kunne eg gå til "duk og dekka bord" i staden for å laga middag.

Ei tønnestavlast frå Kristiansand til Florø/Måløy. Me var fullt oppmerksame på at det å lasta stav måtte gjerast på forskriftmessig måte. Under lastinga måtte me nøye passa på at det var eit lite mellomrom mellom kvar stav. Det var ein møysommeleg og strevsam jobb, men me la stav for stav så nøye me kunne -- i alle fall i rommet. Det viste seg seinare at dekkslasta ikkje hadde vore skikkeleg lødd. Grunnen til at ein må ha eit mellomrom mellom stavane, er at tre utvidar seg når det kjem fuktighet til. Me visste om nokre få båtar som var blitt "sprengd" p.g.a. for lite eller ikkje mellomrom mellom stavane.

Me var heldig med veret over Lista og Jæren. Der var det berre dønning (gammal sjø), så me fekk lite overvatn på den havstrekka. Me la ut frå Kristiansand ein fredag, og fekk med oss Lauritz Hovland og Johannes Hovland ("Prosten") som fekk seg ei frihelg frå båten "JEAN" som gjekk i nordsjøfart. Dei hadde med seg salt "dilkekjøtt" frå Island, og eg sette gulerter og kjøtt i vatn, og me meska oss med salt kjøtt og erter neste dag over Jærhavet.

Lauritz og "Prosten", som til liks med Hansen og Kristofferen var dyktige navigatørar, tok vakta for oss om natta. Så det var ein vederkvegelse for meg å få vakna til helgareingjering og matlaging.

Då me nærma oss Kåså og slo sakte fart i maskinen, såg me at våre næraste hadde teke oppstilling på kaien. Mellom dei var sjølsagt Tillå. Ho hadde fleire gonger tidlegare same dagen teke turar frå Storhaug og ned på hovudvegen for å speida etter "Normann" og sin kjære

husbond. Det skein tydeleg gjennom at dette ekteparet hadde varme kjensler for kvarandre, men dei prøvde å ikkje kringkasta det for omverda.

Etter mor sine søndagskjøttkaker, var det å venda nasen mot "striskjorta og havrelefsa". Då Hansen hadde fyrt opp og fått i gong 40 – hestaren, stod det berre att å løysa tamp, og setja kursen for Florø. Tillå og Kristianå, kona til Hansen, stod på kaien, og mor oppe i glaset for å sjå oss vel avgarde. Tillå ropte til Kristofferen: "No må du ha det Kristoffer!" Men Kristofferen lest som han var så oppteken med tauverk og fendrar at han ikkje høyrde. Tillå prøvde fåfengt ein gong til. Kristofferen gjekk berre bratt i ryggen opp i styrehuset. Då ropte Tillå for tredje gong, litt fortvila: "Ha det då Kristoffer!". Endeleg stakk Kristofferen hovudet ut eit av dei opne styrehusglasa og ropte til Tillå: "Ja vel!", i det båten gleid sakte frå land. Tillå rusla tungt oppover bakkane til "Storhaug", og eit tomt hus.

På veg mot Florø friskna vinden til frå nordvest. Sjøen på havstykkja nordover blei etterkvart krappare, og me fekk noko overvatn på dekkslasta. Me merka at staven på dekk saug vatn. Båten oppførte seg ikkje normalt i sjøen. Han slingra seigare og seinare enn før. Stabiliteten vart etterkvart så dårleg at me måtte styra opp mot dei største bølgene.

Då me fekk Sauesund på babord – og Askevoll på styrbord side, forstod eg at Kristofferen hadde lyst til å søkja hamn på ein av desse stadene. Vinden hadde no auka til stiv kuling, og me nærma oss Stavfjorden, som er stygg i denne vindretninga. Men Hansen berre bles, og sa at dette var då ingenting. Kristofferen let det då stå til. Me møtte eit frådande hav i fjorden, og "Normann" slingra faretruande.

Eg hadde jobben med å smørja. Det vil sei eg hadde fått lov til å etterfylla smøreapparatet på motoren fjerdakvar time. Det var laga til ei luke og ein leder frå styrehuset til maskinrommet. Denne vegen ned til maskinrommet brukte me i ruskever. No var tida inne for å smørja. Med det same eg lyfte opp luka stod vasspruten frå maskinrommet opp i styrehustaket. No var gode råd dyre. Men Kristofferen summa seg straks. Han slo av farten og sende Hansen ut til dekkspumpa. Hansen var ein kraftkar. Det såg alltid så lett ut når han handsama den store pumpa. Han stod på lo side og vart snart søkkvåt av sjødrevet. Men han heldt ut. Kristofferen stod og myste framover om der var ei "sletta" der

han kunne få snudd båten, samstundes som han heldt auga med ein boe som braut på styrbord baug. Eg stod gjerandslaus, bortsett frå at eg stundeviss løfta forsiktig på luka for å sjå om vasspruten avtok. Endeleg fann Kristofferen ei "sletta". Han gav full guff på motoren, og fekk tørma båten rundt. På veg innover mot smulare farvatn, såg me den forpjuska Hansen som peikte på ein motgåande rutebåt. Me kom oss velberga inn til Sauesund. Der fekk me lossa dekkslasta, som skulle til Florø, over i ein annan båt.

Då me hadde fått kvitta oss med dekkslasta, såg me snart kva som var årsaka til lekkasjen. P.g.a. overvatnet hadde staven sprengt ut båten slik at natene mellom dekkplankane hadde utvida seg.


Då me sat med kaffien, etter kveldsmaten, spurde plutseleg Kristofferen: "Kva var det som var meininga med å peika på denne rutebåten?" "Jo", svara Hansen, "du må nå vel skjønna det at me kunne ha fått slep av denne båten dersom det hadde vore om å gjera". Kristofferen bøygde seg framover og tende krokpipa si medan han mumla. "Du slette tid – du slette tid".

Me lossa resten av stavlasta vår i Måløy, og segla deretter på "sør". Me stakk innom Bergen for å røkja etter hjå meglaren vår om mulighetene for ei ny last. Men, "det klaffa ikkje den gongen" (Kristofferen sine ord). I Bergen kom ein kløkkeseljar om bord. Han hadde klokke frå 170 kr. og nedover. Eg kjøpte ei 170,- kroners klokke for 160 kr. Då hadde eg 10 kr. att i lomma. For dei kjøpte eg eit ministabbur av ein gateseljar. (Konfirmasjonsuret var berga).

Frå Bergen kom me ein fin og solvarm ettermiddag sigande inn Langevåg. Sommarjobben min på "Normann" var over, og eg skulle mønstra av. Hansen stod til rors, og Kristofferen gjekk forover dekket mot baugen for å gjera baugspringen klar. Eg slakka ut fendrane på styrbord side, og gjorde aktertrossa klar. Eg hadde også hugsa på og bretta opp skjortearmane for å vera sikker på at armbåndsuret skulle kunna sjåast for dei som måtte stå på bryggja.

Det var mest litt vedmodig å måtta slutta av arbeidet på "Normann". Eg hadde lært Hansen og Kristofferen betre å kjenna, og eg kunne sjå tilbake på nokre minnerike veker saman med dei. Litt pengar i lomma hadde det også blitt. Men det var fint å koma heim att, og me gleda oss alle tre over å sjå våre kjære igjen.





*Gamalt postkort frå Espevær*

Biletskanning, formgjeving og sideombrekking:  
Bernt Emil Vika  
Trykkeri: A1 Stord Grafisk